

# KOMMUNEDELPLAN FOR NATURMANGFALD

I ETNEDAL KOMMUNE

2019-2029



*Solblom i slåttemark i Etnedal, ein trua art i trua naturtype.*

*Foto: Geir Høitomt(19.07.2013)*

## "Stå vakt om naturen!"

av Theodor Caspari

Stå vakt om naturen! Slå angrepet ned!  
Dem opp mot de hissige hjerner! -  
La fjellvidda hvile i soldagens fred -  
i dryss av de evige stjerner! -  
Slå døgnets urolige røster med bann!  
Lys fred på de tagale lier!  
Gi Noreg et lysende "*Ingenmannsland*"  
hvor skapningens herre tier! –

Et rike hvor rypa kan duke sin disk  
i fred for den lurende snare,  
hvor rugda kan tiske med vier og brisk  
og orre fortro seg til hare. -  
Hvor sneppa kan rede sin lønnlige seng  
når avskjedens time er nære,  
og heilo kan stemme sin sorgfulle streng  
og te ham den siste ære. –

Hvor fjellsjøen drømmer i glitter og glans,  
og gjøken kan lyse til messe,  
hvor tranen kan trede sin selsomme dans,  
og elgen kan fredelig gresse -  
Og slipp så den ærlige bamse til fjells  
og ens ikke bondens besværing!  
Og liver han opp med sin gråbrune pels,  
så gi ham en sau til fortæring. –

Det kommer en dag da den syke kultur  
vil fylle all verden med vånde,  
en dag da maskinenes dunster og dur  
vil døyve og kvele din ånde. -  
Den dag vil du hilse det lukkede land  
og signe de fredede flyer  
med rykende storm over ensomme vann  
og sol gjennom drivende skyer. –

Stå vakt om naturen! Slå angrepet ned!  
Dem opp med de hissige hjerner!  
La fjellvidda hvile i soldagens fred -  
i dryss av de evige stjerner! -  
Da fanger du stillhetens lydhøre sinn  
og drømmer med alt hva som lever,  
da hører du Guds, den allmektiges trinn  
så tyst over vidden han svever. –

## Innhald

<b>"Stå vakt om naturen!"</b> .....	2
1. Innleiing .....	7
1. Føremålet med kommunedelplanen .....	8
2. Vilkår og lovverk.....	9
3.1 Natur for livet- Norsk handlingsplan for naturmangfold .....	9
3.1 Lovverk .....	11
3.2 Andre planar i Etnedal kommune .....	13
3. Planområdet .....	15
4.1 Plankart .....	16
4. Planprosessen .....	17
5.1 Organisering og gjennomføring.....	17
5.2 Tidsplan .....	18
6. Naturmangfaldet i Etnedal kommune.....	19
6.1 Viktige hovudtrekk.....	19
6.2 Framande artar .....	22
6.3 Klimaendringar.....	23
7. Kommunal forvaltning.....	25
7.1 Arealplanlegging og konsekvensutgreiing .....	27
7.2 Frådeling av eigedom/tomt.....	27
7.3 Byggesakshandsaming .....	28
7.4 Jordbruksforvaltning.....	28
7.4.1 Klima- og miljøprogrammet(KMP) .....	28
7.4.2 Areal- og kulturlandskapstilskot.....	29
7.4.3 Spesielle miljøtiltak (SMIL) .....	30
7.4.4 Regionale miljøprogram (RMP) .....	30
7.5 Skogbruksforvaltning .....	31
7.5.1 Programme for the Endorsement of Forest Certification(PEFC) og Forest Stewardship Council(FSC).....	31
7.5.2 Praktisk bruk av naturmangfaldlova ved handsaming av skogsakar .....	32
7.5.3 Tilskotsordningar i skogbruket.....	33
7.6 Massedisponering .....	36
7.7 Kommunal forvaltning av område verna etter naturvernlova/naturmangfaldlova.....	36
7.8 Vurdering av verknadar av utanforliggjande verksemd.....	36

7.9	Friluftsområde .....	36
7.9.1	Tilskotsordningar innanfor friluftsliv .....	37
7.10	Inngrepsfrie naturområde i Noreg(INON).....	38
7.11	Tilskotsordningane til Klima- og miljødepartementet.....	38
7.11.1	Tilskot til trua og utvalde naturtypar .....	38
7.11.2	Tilskot til trua og prioriterte artar .....	39
7.11.3	Andre tilskot .....	39
7.12	Artsprosjektet.....	40
8.	Informasjon til deg som skal regulere eigedom eller omdisponere areal .....	41
8.1	Naturmangfold i private reguleringsplanar .....	41
8.2	Naturmangfold i byggesakar .....	42
9.	Databasar og kartløyningar.....	43
9.1	Naturbase .....	43
9.2	Artsdatabanken.....	45
9.3	Norsk Raudliste for artar .....	46
9.4	Norsk Raudliste for naturtypar.....	46
9.5	Artskart .....	47
9.6	VannNett og Vannmiljø .....	48
9.7	Valdreskart.....	48
10.	Eksisterande kunnskap om naturmangfold i Etnedal .....	49
10.1	Registreringar frå Etnedal i Naturbase .....	49
10.1.1	Sakshandsaming i samband med registrerte naturtypar .....	51
10.1.2	Tiltaksbehov for naturtypar .....	53
10.2	Artskart for Etnedal kommune.....	54
10.2.1	Sakshandsaming i samband med registreringar i Artskart.....	57
10.2.2	Tiltaksbehov i artskartet .....	58
10.3	Prioriterte artar i Etnedal kommune.....	60
10.3.1	Sakshandsaming i samband med prioriterte artar .....	63
10.3.2	Tiltaksbehovet for prioriterte artar .....	63
10.4	Utvalde naturtypar i Etnedal .....	64
10.4.1	Sakshandsaming i samband med utvalde naturtypar .....	67
10.4.2	Tiltaksbehovet for utvalde naturtypar.....	69
10.5	Ansvarsnaturtypar og ansvarsartar i Etnedal/Oppland .....	70
10.5.1	Sakshandsaming i samband med ansvarsartar og ansvarsnaturtypar .....	76
10.5.2	Tiltaksbehovet for ansvarsnaturtypar.....	76
10.5.3	Tiltaksbehovet for ansvarsartar .....	76

10.6 Varig verna vassdrag i Etnedal kommune .....	77
10.6.1 Sakshandsaming i samband med varig verna vassdrag .....	82
10.6.1 Tiltaksbehovet for Etna som verna vassdrag .....	84
10.7 Verneområda i Etnedal kommune .....	85
10.7.1 Sakshandsaming for verna områder .....	90
10.7.2 Tiltaksbehovet i samband med naturreservat .....	90
10.8 Andre naturverdiar i Etnedal kommune .....	91
10.8.1 Sakshandsaming for andre naturverdiar .....	92
10.8.2 Tiltaksbehovet i samband med andre naturverdiar .....	92
11. Friluftsliv i Etnedal kommune .....	93
11.1 Bruk av naturen til friluftsliv .....	94
11.1.1 Lov om friluftsliv(friluftsløva) .....	94
11.1.2 Allemannsretten .....	94
11.1.3 Friluftsliv i kommunal planlegging .....	94
11.1.4 Friluftsliv ut til folket .....	94
11.2 Eit utval av friluftstinasjonar i Etnedal kommune .....	95
11.2.1 Toppturar .....	95
11.2.2 Turstigar og skiløyper .....	97
11.2.3 Klatring og padling .....	97
11.2.4 Jakt .....	98
11.2.5 Fiske .....	98
11.2.6 Anna sjåverdige .....	99
11.3 Sakshandsaming friluftsliv .....	101
11.4 Tiltaksbehovet for friluftsliv .....	101
12. Motorferdsel i Etnedal kommune .....	102
12.1 Sakshandsaming for motorferdsel .....	103
12.2 Tiltaksbehovet i samband med motorferdsel .....	103
13. Tiltaksplan .....	104
13.1 Gjennomføring av tiltaksplanen .....	105
14. Vedlegg .....	106
14. Litteratur og kjelder .....	107
14.1 Kjelder til bilete og illustrasjonar .....	108



*Trane er ein art Etnedal kommune har særleg viktig forvaltningsansvar for. Her på setervollen på Veslestølen i Bakkebygda.*

*Foto: Sterke Streker*



*På Lenningen er det lang tradisjon med hesteslepp. Hestane er viktige landskapspleiarar.*

*Foto lånt frå Oppland Arbeiderblad*

## 1. Innleiing

Kommunedelplanen for naturmangfald skal vere eit levande og dynamisk dokument som utviklar seg ettersom kunnskapsgrunnlaget blir betre. Første runde er dermed ikkje uttømmende, men eit steg på vegen til eit økologisk kunnskapskart for Etnedal. Noreg har forplikta seg internasjonalt til å vere med i kampen om å stoppe tapet av naturmangfaldet innan 2020 (Gjennom *Konvensjonen om biologisk mangfold (CBD)*). Alle deltakande land pliktar å utarbeide strategiar og handlingsplanar for iverksetting av konvensjonen nasjonalt, og i juni 2016 vedtok Noreg; "[Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold](#)", St.meld. 14 (2015-16) i Stortinget. Etnedal kommune er ein av kommunane som etter søknad vart valde ut til å delta i runde to i eit nasjonalt pilotprosjekt om å utarbeide kommunedelplanar for naturmangfald. Prosjektet er initiert og delfinansiert av Miljødirektoratet.



*Tretåspett i gammel høgareliggjande skog ved Veslestølen i Bakkebygde. Foto: Sterke streker*

Søknaden kommunen sendte til Miljødirektoratet i starten av 2017 vart godkjent og i mars same året vedtok kommunestyret oppstart av arbeidet. I neste steg godkjente kommunestyret planprogrammet 18. januar 2018, og det vart fort inngått avtale med Kistefos Skogtjenester v/ Geir Høitomt om kartlegging av dei viktigaste områda i kommunen. Utover dette skal planen baserast på eksisterande kunnskap og data, og behov for vidare kartlegging er teke inn i handlingsdelen i planen. Geir Høitomt har, i tillegg til kartleggingsarbeidet, bidrege med mange flotte bilete og mykje av det faglege materialet i planen.

Planen er forma som eit oppslagsverk for å kunne brukast til både dagleg sakshandsaming og opplæring. Ved planlegging av arealendringar er det svært viktig at kunnskapen om naturverdiar er tilgjengeleg tidleg i prosessen og at kunnskapsgrunnlaget er fagleg sterkt.

Av erfaring viser det seg at kunnskapen om naturmangfald blant tilsette i kommunen, politikarane og private er mangelfull. Korleis ein skal ta omsyn til naturmangfaldet i mellom anna sakshandsaming er utfordrande for mange, og når kunnskapen om naturmangfaldlova og anna relevant lovverk for naturmangfald er knapp seier det seg sjølv at vurderinga av naturfaglege faktorar i ei sak kan bli tynn. Håpet er derfor at kommunedelplanen for naturmangfaldet i Etnedal kommune klarar å framstille all relevant informasjon samla og gjer informasjonen tilgjengeleg og brukarvenleg for alle.

Vi håpar at planen kan inspirere alle som er glad i og gjer seg nytte av naturen i kommunen vår, og at den vil vere med og lette planlegging av arealforvaltninga.

### **på vegne av arbeidsgruppa**

Kari-Elin Solberg Saglien, miljøvernrådsgjevar og prosjektleiar

## 1. Føremålet med kommunedelplanen


Hovudmålet med ein eigen kommunedelplan for naturmangfold er å sikre ei heilskapleg og nevenyttig oversikt over verdifulle naturområde og artar i Etnedal kommune. Planen er eit viktig hjelpemiddel ved praktisk iverksetting av kommuneplanens arealdel og skal legge føringar for kommunens vidare arbeid med å ta vare på naturmangfaldet på ein berekraftig måte.

I Meld. St. 14(2015-2016) *Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold* seier Regjeringa at dei vil sette i verk eit pilotprosjekt for å teste ut bruk av kommunedelplanar som verktøy for å ta betre vare på naturmangfaldet. Meldinga skildrar korleis regjeringa sin politikk skal bidra til å ta vare på naturmangfaldet og omfattar utfordringar Noreg har, og kva slags verkemiddel vi har til rådighet. Handlingsplanen er eit politisk verktøy for å nå nasjonale og internasjonale mål for naturmangfold. Det står òg her at:

*«Regjeringen ønsker å legge til rette for at kommunene kan øke sin kompetanse om naturmangfold. Regjeringen foreslår at dette skal skje gjennom et godt kunnskapsgrunnlag og økt veiledning, og gjennom et pilotprosjekt om kommunedelplaner for naturmangfold. I dette pilotprosjektet vil det bli lagt vekt på de verdiene som naturmangfoldet representerer i nasjonal, regional og lokal sammenheng.»*

Kommunedelplanen skal vere eit viktig grunnlag for avgjersler og den skal gje meir føreseieleg sakshandsaming i enkeltsakar. Eit delmål er å auke kompetansen til dei tilsette i kommunen, politikarane våre og til innbyggjarane og hytteeigarane her. Eit anna delmål er å gjere det enklare for tiltakshavarar og private aktørar og synleggjere tidleg i prosessen dei naturfaglege faktorane som vil påverke ein plan om arealendring.

Planen skal, utover dette, forankre eksisterande kunnskap om naturmangfaldet, og den skal sikre at kunnskapsgrunnlaget aukar i framtida. Det er lagt vekt på å få fram kva verkemiddel, reiskap og moglegheiter som finns i lovverket og i den offentlege forvaltninga. Kunnskap om kva hjelpemiddel både det offentlege og dei private kan nytte seg av, er viktig å formidle for å kunne få til gode prosjekt i framtida.



*Soloppgang over Steinsetfjorden*

*Foto: Monika Månun Esp*



## 2. Vilkår og lovverk

### 3.1 Natur for livet- Norsk handlingsplan for naturmangfold

Med handlingsplanen for naturmangfold vil regjeringa sette i gang eit arbeid for å definere økosystema vi har i Noreg, og skape eit økologisk grunnkart.

Det har fram til no ikkje vore nedfelt konkrete eller sameinte mål for kva slags tilstand økosystema har, eller skal ha. For å kunne seie meir nøyaktig kva som kan kallast berekraftig bruk, skal det til eit arbeid med å klargjere kva som er god tilstand.

Desse tilstandsmåla må fastsettast, og når dette er fullført vil regjeringa innrette den samla verkemiddelbruken med sikte på å oppretthalde ønska tilstand i område og økosystem der tilstanden er god nok, og betre tilstanden der den er moderat eller dårlig ut i frå fastsette mål.

Regjeringa sin politikk for forvaltninga av naturmangfoldet er samanfatta i følgjande punkt:

1. Ei meir treffsikker forvaltning av naturen
2. Ei klimatilpassa naturforvaltning
3. Styrking av kommunane si kompetanse om naturmangfold
4. Innsats for trua natur
5. Bevaring av eit representativt utval av norsk natur
6. Kunnskapsbasert forvaltning
7. Skreddarsydde løysingar for dei ulike økosystema

Handlingsplanen foreslår å gje kommunane meir ansvar for naturmangfoldet gjennom eigne kommunedelplanar for naturmangfold. Målet med dette, for kommunane, må derfor vere å sikre ein kombinasjon av vern og langsiktig berekraftig bruk av ressursane som gir målsettingar som kommunane har moglegheit til å følgje opp på ein god måte. Dette inneber som skreve i punkt 3 ovanfor, at det må vere både tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet i kommuneadministrasjonen for å ivareta det biologiske mangfoldet.

God tilstand er eit spørsmål om tålegrenser. Omgrepet «berekraftig» kom på dagsordenen allereie i 1987. Noreg har etter dette hatt ei rekke med ulike handlingsplanar for berekraftig bruk.

Kort oppsummert har Noreg mål om:

- ei berekraftig utvikling som sikrar bevaring av biologisk mangfold
- eit berekraftig landbruk
- berekraftig beitebruk i utmark
- at matproduksjonen frå land og sjø, basert på berekraftig bruk av våre nasjonale ressursar, utgjer eit fundament for matsikkerheita



#### Meld. St. 14

(2015–2016)

Melding til Stortinget

Natur for livet

Norsk handlingsplan for naturmangfold



Planane har jamvel sagt lite om kvar terskelen ligg for overbeiting, overfiske, tettleik av oppdrettsfisk, utbreiing av framande artar, utbygging og inngrep i natur. Kor går tålegrensa for kor intensivt vi kan utnytte og endre naturen? Når har vi frårøva framtidige generasjonar tilgang på dei same naturgodane? Og kor mykje av dei meir eller mindre irreversible inngrepa vil få konsekvensar for dei kommande generasjonane?

Stort sett all natur i Noreg er påverka eller brukt av menneske. Dette gjeld også naturvernområda. Det meste av utmarksarealet er semi-naturleg, fordi det har vorte brukt av menneska og husdyra deira i generasjonar tidlegare. Utbygging av fornybar energi, anlegg og vegar, samt regulering av vilt, rovdyr og beitedyr endrar i større eller mindre grad naturen. Og dei endringane menneska gjorde for århundre sidan, har skapt eit bevaringsverdig kulturlandskap. Det er med andre ord ikkje sagt at målet er å ha berre urørt natur. Bruken av naturen er ein del av det som skapar vårt biologiske mangfold. Utfordringa er å finne balansen mellom bruk, skjøtsel og vern.



Frå handlingsplanen: Påverknaden på naturen. Dei viktigaste; framande organismar, klimaendringar, arealendringar, overhausting og forureining.

Handlingsplanen for naturmangfold gir dei ulike forskingsmiljøa utfordringar innanfor fleire fagområde. Ikkje berre skal det visast korleis menneskeskapte drivkrefter påverkar miljøtilstanden, men det skal også undersøkast kva for rammer vi har for sosial og økonomisk utvikling i norsk natur. Korleis skal berekraftig samfunnsutvikling styrast, kva for samfunnsendringar er naudsynte og korleis skal vi respondere på miljøproblema som hindrar god tilstand? Regjeringa må sørge for tilstrekkeleg forskning og utdanning innanfor temaet for å sikre eit berekraftig jord-, skog- og havbruk. Dei nye berekraftmåla til FN gir sameina visjonar for korleis samfunnet bør utviklast miljøtenleg, sosialt og økonomisk, og kva for kunnskap vi treng for å få til den rette utviklinga.

### 3.1 Lovverk

Det er mange lover og forskrifter som er aktuelle i samband med naturmangfold. Dei mest vesentlege er framstilt i dette kapittelet, men det er i tillegg andre lover og forskrifter som blir nemnt elles i planteksten.

**Kongerike Noregs Grunnlov (grl) §112** «*enhver har rett til et miljø som sikrer helsen, og til en natur der produksjonsevne og mangfold bevares. Naturens ressurser skal disponeres ut i fra en langsiktig og allsidig betraktning som ivaretar denne rett også for etterslekten*».

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1814-05-17-nn>

**Lov om forvaltning av naturens mangfold**(Naturmangfoldlova) kom som ein endring og utviding av *Lov om naturvern* frå 1970. Formålet med lova er at naturen i sin heilskap med biologi, landskap, geologi og økologi skal bli teke vare på slik at den består og gir grunnlag for menneska si verksemd, kultur, helse og trivsel, både no og i framtida. I lova sine §§ 8-12 er det nedfelt prinsipp for offentlege avgjersler som skal vurderast i all kommunal sakshandsaming:

- Kunnskapsgrunnlaget (§ 8)
- Føre-var-prinsippet (§ 9)
- Økosystemtilnærming og vurdering av samla belastning (§ 10)
- Tiltakshavar sitt ansvar for kostnadsdekking (§ 11)
- Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12)

Alle desse vurderingane skal gå fram av vedtak som blir fatta.

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-06-19-100>

**Lov om planlegging og byggesaksbehandling**(Plan- og bygningslova) skal fremje berekraftig utvikling til det beste for den einskilde, samfunnet og framtidige generasjonar. Planlegging etter lova skal bidra til samordning av statlege, regionale og kommunale oppgåver og gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressursar. «Berekraftig utvikling» handlar om balansen mellom økonomisk og sosial utvikling og ivaretaking av miljøomsyn.

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71>

**Lov om skogbruk**(Skogbrukslova) **og Lov om jord**(Jordlova) sine føremålsparagrafar framhevar kor viktig det er å vise omsyn til miljø og naturmangfold innanfor desse sektorane. PEFC og FSC-standardane er òg viktige verktøy som skogbruket tek stilling til.

Skogbrukslova: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-05-27-31>

Jordlova: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1995-05-12-23>

**Lov om vassdrag og grunnvann**(vassressurslova) har som føremål å sikre ein samfunnstenleg forsvarleg bruk og forvaltning av vassdrag og grunnvatn. Lova regulerar vassdragsanlegg og andre tiltak i vassdraget som kan påverke vassføring, vasstand, vassdragets leie eller straumens retning, hastigheit eller den fysiske/kjemiske kvaliteten på vatnet. Forureining omfattast ikkje av denne lova. Lova seier òg noko om kven som rår over vatnet. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2000-11-24-82>

**Forskrift om rammer for vannforvaltningen**(Vassforskrifta) gir rammer for fastsetting av miljømål for vatn og vassdrag. Forskrifta skal sikre at vassførekomstane er beskytta og at dei blir brukt på ein berekraftig måte. Målet er at overflatevatn skal ha minimum god økologisk og kjemisk tilstand. <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-12-15-1446>

Vassforskrifta deler Noreg inn i vassregionar, som igjen er delt inn i fleire vassområde. Etnedal ligg inn under vassregion Vest-Viken og vassområde Randsfjorden. Det er viktig å kjenne til regional vassforvaltningsplan for Vest-Viken og lokal tiltaksanalyse for Randsfjorden vassområde. Desse plandokumenta viser ei oversikt over tiltak som kommunane pliktar å gjennomføre. Kommunestyret vedtok å ta lokal tiltaksanalyse for Randsfjorden vassområde til etterretning i mars 2014(sak nr. 015/14).

Meir informasjon: <http://www.vannportalen.no/vannregioner/vestviken/>

Andre aktuelle lovar og forskrifter er mellom anna:

- Fjellova: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1975-06-06-31>
- Folkehelselova: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-29>
- Forureiningslova: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1981-03-13-6>
- Friluftslova: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1957-06-28-16>
- Lakse- og innlandsfiskelova: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-05-15-47>
- Miljøinformasjonslova: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2003-05-09-31>
- Motorferdsellova: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1977-06-10-82> .
- Viltlova: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1981-05-29-38>

Lista er ikkje uttømmande.



*Det er mange omsyn ein må ta ved forvaltning av landskapet.*

## 3.2 Andre planar i Etnedal kommune

### Kommuneplanens samfunnsdel

Samfunnsdelen tek stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet heilskapleg, og til kommunen som organisasjon. Planen er eit grunnlag for sektorens planar og verksemd i kommunen.

I samfunnsplanen er langsiktig og berekraftig arealforvaltning sett opp som eit satsingsområde, med mål om mellom anna å ivareta biologisk mangfold. Planen har òg fokus på miljø- og klimautfordringar, med mål om å forvalte naturressursane slik at miljøbelastninga blir minst mogleg og at reint vatn, luft og jord er sikra.

<https://www.etnedal.kommune.no/tjenester/plan-bygg-og-eiendom/planer/kommuneplan-kommunedelplan/kommuneplanens-samfunnsdel/>

### Kommuneplanens arealdel

Arealplanen er juridisk bindande og skal bestå av eit plankart med tilhøyrande planføresegner og retningslinjer, samt planskildring. Føremålet med ein slik plan er å fastsetje kva arealet i kommunen skal brukast til. Planen skal famne om kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver. Etnedal kommune sin arealplan vart vedteken hausten 2019 og ligg ute på kommunens heimesider.

Eitt av dei sentrale måla i planen er å ivareta natur- og miljøomsyn og sikre dette for kommande generasjonar. Jmfør planprogrammet er målet at kommunedelplanen for naturmangfold skal bidra til å sikre viktige natur- og friluftsinnteresser i kommunen, og at desse kan innlemmast som omsynssoner i arealdelen.

*Gjennom planprosessen skal vi:*

- *Sørge for at arealdelen blir nært knyttet opp mot det planlagte arbeidet med kommunedelplan for naturmangfold.*
- *Sørge for at viktige natur- og friluftsområder blir opprettholdt og skjermet.*
- *Sørge for ivaretagelse av landbruksinteresser og dyrket areal.*
- *Se hytteområder og aktivitetsarealer i sammenheng.*
- *Vurdere muligheten for tilpasset tilrettelegging langs Etna, som er et verna vassdrag.*
- *Vurdere nærmere retningslinjer og avklaringer knyttet til bruk av areal inn mot Langsua Nasjonalpark.*

(utdrag frå planprogrammet til arealdelen)



Tilgang til skiløyper er viktig for mange i Etnedal. Foto: Håkon Halvorsen

### Kommunedelplan for energi og klima

Denne planen tek for seg forhold og utfordringar knytt til energibruk og klimagassutslepp i kommunen, både frå det offentlege og hjå private. Planen er todelt med ein del som viser grunnlags- /basisinformasjonen og ein mål- og tiltaksdel som går inn på dei praktiske tiltaka som kan vere mogleg for Etnedal kommune å gjennomføre for å oppnå vedtekne mål.

<https://www.etnedal.kommune.no/f/p1/i8a34f58e-4127-4e25-a888-15109659bc6e/kommunedelplan-energi-og-klima-vedteken-mars-2013pdf-l175377.pdf>

### Kulturminneplan

Planen inneheld i hovudssak minne som ligg innanfor ansvarsområda til kommunen. Dette er bygningsmasse og kulturminne frå nyare tid. Planen skal sikre ei målretta og offensiv forvaltning av kulturminna i kommunen.

I samband med kartlegging av naturmangfold kan planen brukast som tilleggsinformasjon, då kulturminne ofte er knytt opp mot kulturlandskap.

<https://www.etnedal.kommune.no/tjenester/plan-bygg-og-eiendom/planer/overordna-planer-og-temaplaner/temaplaner-og-andre-planer/kulturminneplan-for-etnedal-2019-2025.6803.aspx>



*Lundebrue- eit av dei viktigaste kulturminna vi har.*

*Foto: Ingun Kompen*

### 3. Planområdet

Etnedal med sine 459 km<sup>2</sup> er Innlandet fylke si minste kommune i areal og har per 4. kvartal 2018 eit folketal på 1305. Kommunen ligg aust i Valdres og grensar til Nord-Aurdal i vest og nord, Sør-Aurdal i sør og Nordre Land i aust. Vi har mykje natur per innbyggjar. Naturen deler innbyggjarane med hyttebefolkninga. Det er i 2018 i overkant 2400 fritidsbustadar i kommunen, og 759 einebustadar.

Etnedal er ei jord- og skogbrukskommune. Kommunen vart oppretta i 1894, då delar av Nord-Aurdal kommune (Thon sokn) og delar av Sør-Aurdal kommune (Bruflat sokn) vart slege saman til éi ny kommune. Fleire hundre år med jord- og skogbruksdrift har ført til at det er eit rikt kulturlandskap her. Etnedal har eit av Noregs største varige verna vassdrag; Etna. Etna renn frå innsjøen Etnsenn nord i kommunen, forbi Bruflat, før ho passerar Lundebrue, Høljarast bru og helleristingane ved Møllerstufossen i Nordre Land. Ved landsbyen Dokka møter Etna det regulerte vassdraget Dokka, og renn deretter ut i Dokkadeltaet våtmarksområde og Randsfjorden.


Etnedal er ein sjarmerande stad, ein miniputt aust i Valdres, som grensar til Synnfjellet. Etnedal byr på spanande kulturhistorie, padling i verdensklasse, fine klatrefelt, turstigar, skiløyper, flotte fjellområde og mykje meir. Om lag midt i dalen ligg kommunesenteret Bruflat, som også er kommunens tusenårsstad. Det er jamvel Langsua nasjonalpark og Synnfjellet som dreg dei fleste turistane til området. Det er attraktivt å eige hytte i Etnedal, noko som stiller krav til den kommunale arealforvaltninga.



*Sør-Etnedal med sitt flotte elveslettelandskap.*

*Foto: Unni Klevgård*

## 4.1 Plankart



Frå valdreskart.no



## 4. Planprosessen

### 5.1 Organisering og gjennomføring

Planprosessen gjennomførast etter krav i plan- og bygningslova. Planområdet omfattar heile Etnedal kommune. Planen skal grunnleggje kommunens langsiktige mål og vere eit verktøy tilhøyrande kommuneplanens samfunns- og arealdelplan. Kommuneplanens samfunnsdel er nyleg revidert og vedteke for perioden 2016-2026, og arealdelen er under revidering i 2019. Det er derfor ønskeleg at arbeidet med kommunedelplanen for naturmangfold blir gjennomført heilt eller delvis parallelt med arealdelen. Ved neste rullering bør kommunedelplanen for naturmangfold vere revidert i forkant av arealdelen for å best kunne implementere denne i kommuneplanen for Etnedal.

I samfunnsdelen er det sagt under punkt 3.1.6 (Langsiktig og berekraftig arealforvaltning) at eitt av måla til kommunen er å ivareta biologisk mangfold. Dette er vidareført i rulleringa av arealdelen og dette legg godt til rette for innføringa av ein kommunedelplan for naturmangfold.

Utdrag frå planprogrammet til arealdelen:

#### **5.1.3 Langsiktig og bærekraftig arealforvaltning**

*Etnedal har en mangfoldig natur og et variert landskap, men det mangler en helhetsvurdering av naturmangfoldet sett i sammenheng med arealforvaltning. Det er en målsetting i kommuneplanen at arealforvaltningen skal være langsiktig og bærekraftig og bidra til fremtidig verdiskaping og utvikling. Herunder følger å opprettholde arealer med dyrka mark og ivareta biologisk mangfold. Det er viktig med en vurdering av naturen som en verdi i seg selv. Naturen er også en viktig årsak til at folk velger å kjøpe hytte eller velger å bo i Etnedal. Kommunen har fått innvilget sin søknad om å få være med i pilotprosjektet om kommunedelplaner for naturmangfold i regi av Miljøverndirektoratet. Det er ønskelig at arbeidet i størst mulig grad går parallelt med arbeidet med kommuneplanens arealdel. Oppstartsmøte for arbeidet med kommunedelplan for naturmangfold vil være i april/mai 2017. Målet er at denne planen skal bidra til å sikre viktige natur- og friluftsinnteresser i kommunen og at disse kan innlemmes som hensynssoner i arealdelen.*

Etnedal kommune og Miljødirektoratet har inngått avtale om oppdrag for forskning og utvikling (FoU-kontrakt). Jamfør denne så skal kommunedelplanen for naturmangfold utarbeidast som ein tematisk plan. Planarbeidet skal gjennomførast etter plan- og bygningslova § 11, jf. Planprogrammet. Planavdelinga er ansvarlege for arbeidet med kommunedelplanen, og har fungert som prosjektgruppe under arbeidet, med miljøvernrådgevar som hovudansvarleg for prosessen.

Kommunestyret vedtok varsel om oppstart av planarbeidet 27.4.2017 (Journal-ID 17/1612). Oppstart vart varsla i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 11-12. Planprogrammet (Journal-ID 18/152) vart vedteke i januar 2018, og sendt på høyring i seks veker i medhald av pbl 11-13. Planavdelinga arrangerte folkemøte i slutten av januar, med godt oppmøte og moglegheit for alle til å komme med tilbakemeldingar/synspunkt om korleis

dette arbeidet bør gjennomføres og forventinger til resultat. Viktig informasjon som omhandler planen har vorte publisert på heimesida til kommunen.

Planarbeidet har vore noko forsinka og det vart søkt utsetjing av sluttbehandlingsfristen som først var sett til 31.12.2018. Gjeldande tidsplan er vist under pkt. 5.2.

Planen bør takast opp til vurdering kvart fjerde år, og rullerast seinast innan ti år etter den vart vedteke.

## 5.2 Tidsplan

Oppgave:	2017				2018		2019	
	April	Okt	Nov	Des	Jan	Feb-Okt	Jan-April	Mai-August
Politisk vedtak om planoppstart								
Planprogram til off. ettersyn								
Fastsetting av planprogram,								
Folkemøte, 31. januar 2018								
Datainnsamling								
Arbeid med planutkast								
Off. ettersyn av planforslag								
Politisk sluttbehandling								



Foto: Unni Klevgård

## 6. Naturmangfoldet i Etnedal kommune

### 6.1 Viktige hovudtrekk

Etnedal kommune har eit totalareal på 459 km<sup>2</sup>, og høgdeintervallet varierar frå om lag 210 m.o.h. (Høljarast) til 1414 m.o.h. (Spåtind). Kommunen er dominert av dalføret til Etna, frå Etnsenn til Høljarast, der elvesletta sørover frå Lundebrue er eit karakteristisk trekk. Naturvariasjonen i kommunen er stor og omfattar eit variert kulturlandskap, store skogstrekningar, slake fjell-landskap og våtmark i form av myr, vatn og elvestrekningar. Samla sett gir dette opphav til eit stort arts- og naturtypemangfold med førekomstar av mange både sjeldne og trua artar og naturtypar som kommunen har ansvar for å ta vare på.

**Kulturlandskapet** spenner frå dei flate elveslettene langs nedre deler av Etna, via gardsbruk og bygder opp til stølslandskapet mot fjellet. Husdyrproduksjon er viktig i kommunen og dette gir eit landskap prega av slått og beite. Her finn ein innslag av gamle ugjødsle slåttemark, naturbeitemark, skogsbeiter og stølsvollar i blanding med fulldyrka mark og kulturbeiter.



*Det varierte kulturlandskapet i Etnedal er prega av lang tid med slått og beite. Stølsdrift og utmark er tradisjonelt viktige ressursar. På Slaveriet er det framleis aktiv bruk av stølseigedommen.  
Foto: Geir Høitomt (28.7.2018)*

**Barskog** dekker store areal i kommunen, og grana veks opp mot 1000 moh. I hovuddalføret og fleire av åsområda er det produktive skogområde med både gran og furu, gjerne i blanding. Den høgareliggjande granskogen i kommunen er på fleire stader lågproduktiv, og innehar eit særlege biologisk mangfold.



*Den høgareliggjande barskogen i Etnedal er ei naturtype kommunen har eit særleg stort forvaltningsansvar for. Her finns m.a. sjeldne og trua lavartar som veks på gamle og seintveksande tre. Biletet er frå Tintontjednet. Foto: Geir Høitomt (14.10.2018)*



*Gråsotbeger er ein trua art som gjerne veks på gamle grantre i myrkantar. Arten er karakteristisk fordi den "sotar" ved berøring. Her er arten funne i traktene nordvest for Garin. Foto: Geir Høitomt(28.10.2018)*

Over skoggrensa er det opne fjellområde både på Synnfjellet, Jomfruslettet og i nordvest mot Bjørgovarden. Fjellet er sårbart, og dyrelivet her lev i eit vêrhardt miljø. Det går føre seg ei utstrekt hyttebygging opp mot skoggrensa i desse områda.



Synnfjellet mot Lenningen.

Foto: Linda M. Robøle



Espelifjellet.

Foto: Odd-Geir Bratteng

**Våtmarkene** i Etnedal er varierte og artsrike. Store myrkompleks med tjern og fuktdrag er viktige landskapselement, mellom anna ved Lenningen og nordaustover frå Garin. Store vatn som mellom anna Steinsetfjorden, Garin og Rotvollfjorden er viktige landskapselement med innslag av sjeldne og trua fugleartar. Svært viktig er òg våtmarksmiljøa langs Etna, spesielt restane av det unike flaummarkmiljøet sørover frå Lundebrue.



Ved Svillen er det eit stort myrkompleks.

Foto Geir Høitomt



Langs Etna, sørover frå Lundebrue, er elva i stor grad kanalisert. Dei flaumpåverka restmiljøa har framleis ein verdi for biologisk mangfald, med førekomstar av fleire sjeldne artar. Det er derfor avgrensa naturtypefigurar i dette området. Foto: Geir Høitomt

## 6.2 Framande artar

Globalt er spreining av framande artar sett på som ein av dei største truslane mot naturmangfaldet. Artande blir spreitt av menneske, både bevisst og ubevisst. Framande artar kan gjere store skader på staeigne artar og naturtypar, og medfører betydelege negative økonomiske konsekvensar for mellom anna landbruket.

Dei framande artane kan utgjere ein risiko på fleire måtar:

- dei kan okkupere leveområdet til staeigne artar
- dei kan redusere lokale artar ved predasjon
- dei kan spreie sjukdommar

I Etnedal førekjem det ei lang rekke med framande artar. Artar som villmink, hagelupin, rynkerose og kanadagås er nokon døme på slike artar som reknast som skadelege for det lokale artsmangfaldet.



*Vegkant ved Sandvik, sør for Flatøydegard. Hagelupin er eit døme på ein framand art som har mange førekomstar i Etnedal. Arten kan opptre i så tette bestandar at den utkonkurrerer den naturlege blomsterfloraen. Foto: Geir Høitomt(26.6.2018).*

Artsdatabanken har ansvar for å utarbeide oversikter over framande artar i Noreg, og vurdere om det er risiko for at dei kan formeire seg og bli ein trussel mot det stadeigne naturmangfaldet. «Fremmedartslista» er ei oversikt over økologiske risikovurderingar utifrå om dei utgjør svært høg eller høg risiko i norsk natur.

Følg linken for å få tilgang til lista: <https://artsdatabanken.no/fremmedartslista2018>

I tillegg har myndigheitene ei forbodsliste for framande artar. Dette er ei liste over artar det er forbode å innføre, omsetje og setje ut. Miljødirektoratet fører tilsyn med at forbodslista, som er ein del av *Forskrift om fremmede organismer*, blir etterlevd.

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2015-06-19-716>

### 6.3 Klimaendringar

Klimaendringar skjer allereie og forventast å auke i åra framover. Å redusere dei menneskeskapte klimaendringane er den store miljøpolitiske oppgåva i dag. Klimaendringane kan i første omgang merkast på gradvise endringar i vêrforholda, og vi har førebels liten kunnskap om omfanget og effekten klimaendringane har på det biologiske mangfaldet.

Klimaendringane kan føre til at dei naturlege leveområda til artar endrar seg. Fjellområde kan vekse att, samt at auka temperatur og ekstremnedbør og flaum kan endre vegetasjonen og landskapet. Arealendringar, attgroing/overgjødsling, fysiske inngrep og forureining er òg med på å endre forholda i naturens økosystem. For nokon artar og naturtypar kan dette ha positiv effekt, for andre negativ. Klimaendringar kan føre til at artar som ikkje er ønska i norsk flora kan slå seg til der dei før ikkje hadde levedyktigheit.

Det er med andre ord mange faktorar som spelar inn på naturmangfaldet. Det er den samla belastninga som vil gjere utslaget. Det er viktig å vere bevisst på at vi sikrar robuste økosystem, store artsbestandar og reduserar andre negative påverknadar. Dyr og planter som må forflytte seg for å overleve kan hjelpast ved å sikre korridorar for spreining, samt store nok leveområde for forflytting.

Mykje hjelp er det i god kunnskap. Forsking på funksjonen til økosystema og overvaking av økosystema si utviklinga vil vere avgjerande for å kunne dokumentere klimaendringane sin påverknad, samt hindre negativ utvikling.



*Storslettjeden med Kyrkjeknatten i bakgrunnen.*

*Foto: Harald Espelien*



## 7. Kommunal forvaltning

I den offentlege forvaltninga blir det dagleg fatta enkeltvedtak, fastsett forskrifter, tildelt tilskot eller utøvd anna offentleg myndigheit. Dei aller fleste slike sakar påverkar naturmangfaldet i større eller mindre grad. Gjennom kommunal planlegging og anna kommunal forvaltning har kommunen myndigheit og plikt til å ta hand om landskapet, og det er viktig at sakshandsaminga skjer i tråd med aktuelt lovverk som mellom anna naturmangfaldlova, som har ein sektorovergripande funksjon. Dette betyr at det skal takast omsyn til naturmangfaldlova sjølv om ei sak i utgangspunktet blir handsama etter eit anna lovverk.

Når forvaltninga handsamar ei sak, må det vurderast om avgjersla kan medføre at det blir vanskelegare eller umogeleg å nå forvaltningsmåla for naturtypar, økosystem og artar. Ein må fyrst sjå på trua artar og naturtypar som er relevante for saka. Dess meir trua naturmangfaldet er, dess lettare vil det aktuelle tiltaket kome i konflikt med forvaltningsmåla i naturmangfaldlova. Når det skal gjerast tiltak i landskapet, må den samla belastninga vurderast.

Landskap kan ha forskjellige føremål eller delføremål, t.d. som område for bustadbygging, fritidsbustadar, næringsverksemd, verneområde eller anna. Kommunen er forvaltningsansvarleg for dei fleste føremål, men i nokon tilfelle kan det vere Fylkesmannen som er forvaltningsstyresmakt (t.d. for dei fleste av verneområda).


Naturmangfaldlova(nml) skal vere eit premiss i all myndigheitsutøving. Kapittel II (§§ 4-14) i lova skal sørge for natur ikkje blir sett på isolert, men i samanheng på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Målet er å ha oversikt og vite konsekvensane av alle inngrep i den store samanhengen. Skal natur ofrast, skal det grunnjevast og det skal vere mogleg å etterprøve. Ved all sakshandsaming som påverkar naturen skal føresegnene i nml. §§ 8-12 vere vurdert og vektlagt(jf. § 7), og det bør synleggjerast korleis saka påverkar moglegheita for å nå forvaltningsmåla for naturtypar og artar i nml. §§ 4 og 5. Vurderinga og vektlegginga skal gå fram av avgjersla/vedtaket, og prinsippa skal vurderast og grunnjevast saman med andre moment/omsyn i saka. Omfanget av vurderingane må tilpassast saka og det skal komme fram *korleis* prinsippa i §§ 8-12 er vurdert og vektlagt.

Prinsippa i §§8-12 gjeld ved utøving av offentleg myndigheit som omfattar naturmangfald i;

- enkeltvedtak
- tildeling av tilskot
- forskrifter og endringar av forskrifter
- det offentlege si forvaltning av eigen fast eigendom (stat, fylke og kommune).

Med andre ord skal desse paragrafane vurderast som om dei stod i den lova som sakshandsamar har ansvar for å forvalte.

Klima- og miljødepartementet har laga ein vegleiar for kapittel II i naturmangfaldlova. Denne gir ei god innføring i allmenne føresegner om berekraftig bruk av naturen. Vegleiarer viser òg til ulike døme på korleis ein kan vurdere prinsippa i vedtak. Det er laga eit skjema i vegleiarer om viser saksgangen i sakar som omfattar naturmangfald:



Vegleieren finn du her:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/76ba044f8515433c93c259e7e86420f4/t-1554.pdf#page=1>

## 7.1 Arealplanlegging og konsekvensutgreiing

I den kommunale arealplanlegginga skal det takast omsyn til landskapet, jf. Plan- og bygningslova § 3-1:

*Oppgaver og hensyn i planlegging etter loven*

*Innenfor rammen av §1-1 skal planer etter denne lov: (...)*

***b) Sikre jordressursene, kvalitetene i landskapet og vern av verdifulle landskap og kulturmiljøer***

*(...)*

I kommuneplanen sin arealdel skal det gjennomførast ei landskapsanalyse som ein del av konsekvensutgreiinga. Landskap kan på denne måten takast hand om gjennom ulike arealføremål, omsynssoner og med fastsetting av generelle føresegner. Medan arealdelplanen gjeld for heile kommunen kan det gjennom reguleringsplanar for bestemte område detaljregulerast med ulike arealføremål, med føresegner og eventuelle omsynssoner, slik at landskapet blir verna om det er føremålstenleg.

<http://www.miljokommune.no/Temaoversikt/planlegging1/Miljohensyn-i-arealplanlegging/Landskap/Landskap/>

Når kommunen utarbeidar og/eller vedtek areal- og reguleringsplanar som kan påverke naturmangfold, skal reglane om berekraftig bruk i naturmangfoldlova kapittel 2 brukast. Dette gjeld òg når kommunen handsamar planforslag frå private aktørar.

Vurderingar av dette skal gjerast på alle plannivå, frå regionale planar og ned til enkeltsakar. Det er viktig at vurderingar rundt biologisk mangfold og landskap kjem tidleg inn i prosessen. Kunnskap om økosystem, naturtypar og artar, kva slags innverknad tiltak i planane har på naturen, om det er mogleg med alternative lokaliseringar, kor stor den samla belastinga er/blir og om det er mogleg med avbøtande tiltak er svært viktig for god handsaming av sakar. I tillegg er det forventa at kommunane skal ha fokus på klimagassutslepp, energiomlegging og –effektivisering.

## 7.2 Frådeling av eigedom/tomt

Frådeling av eigedom/tomt handlar om oppretting, endring og/eller omdisponering av eigedom. Frådelingssøknadar skal handsamast etter plan- og bygningslova og jordlova. Der det skal settast opp bygningar på arealet som skal delast i frå, ligg det alltid ei omdisponering av arealet i botn, anten som ei vurdering etter jordlova og/eller ei vurdering av planstatus etter arealdelen til kommuneplanen. Unntaket er når frådelinga det søkast om, ligg i regulert område og søknaden er i tråd med reguleringsføremålet. Dersom søknaden er ein grunngeven dispensasjon, har kommunen høve til å dispensere etter pbl § 19-2.

Arealfaglege omsyn sakshandsamar må ta i sakar om frådeling:

- Landbruk (§§ 1, 9 og 12 i jordlova og §§ 1, 12 og 13 i skoglova)
- Åtkomst (§ 27-4 i plan- og bygningslova)
- Byggegrunn og miljøforhold (§ 28-1 i plan- og bygningslova)
- Reindrift (§§ 1 og 22 i reindriftslova)
- Kulturminne (§§ 1 og 8, andre ledd i kulturminnelova)
- Naturmangfold (§§ 8, 9, 10 og 12 i naturmangfoldlova)

### 7.3 Byggesakshandsaming

I handsaminga av ein byggesak må landskapsomsyn som er nedfelt i kommuneplanens arealdel eller i reguleringsplanen følgjast opp. Slik sikrar ein at bygningar og andre tiltak vert plassert, tilpassa og utforma slik at landskapet omkring blir ivareteke på best mogleg måte. Det er ikkje alltid naturmangfaldet er vurdert grundig nok på plannivå eller ved frådeling, og det bør derfor alltid undersøkast i handsaminga av byggesaken. I dispensasjonssakar må sakshandsamar synleggjere naturmangfaldlova i vurderinga.

Det er ei rekke tiltak som omfattast av byggesaksdelen i plan- og bygningslova. I utgangspunktet er all oppføring, tilbygging, påbygging, underbygging eller plassering av bygning, konstruksjon eller anlegg søknadspliktig. Dessutan er vesentleg endring eller reparasjon av søknadspliktig tiltak og vesentleg terrenginngrep søknadspliktig. Det same gjeld bruksendring.

Ved handsaming av søknadar om etablering av avløpsanlegg kjem i tillegg spørsmålet om forureining inn. Etnedal kommune har eigen forskrift for utslepp frå avløpsanlegg under 50pe.

Direktoratet for byggkvalitet har laga gode verktøy og vegvisarar i samband med byggesak:

<https://dibk.no/verktoy-og-veivisere/>

### 7.4 Jordbruksforvaltning

Det er kvalitetar i jord- og skogbrukslandskapet som kommunen har ansvar for å ta omsyn til når det kjem nye søknadar om mellom anna landbruksvegar, bygg og nydyrking. Korleis kommunen forvaltar landbruksarealet og andre landbruksressursar påverkar landskapet og skal vere med på å bevare viktige landskapsverdiar. Mange artar og naturtypar er avhengige av eit aktivt jord- og beitebruk for å overleve, samtidig som eit intensivt jordbruk kan vere negativt for naturmangfold og kulturminne. I jordbruksforvaltninga er det mange verkemiddel som kan nyttast og det kan søkast om midlar frå forskjellige tilskotsordningar.

#### 7.4.1 Klima- og miljøprogrammet(KMP)

Klima- og miljøprogrammet vart etablert etter vedtak i jordbruksforhandlingane 2012 ved å slå saman *Klimaprogrammet* og *Informasjons- og utviklingstiltak innan miljø*.

Mandatet for KMP :

*"Temaene klimagassutslipp, klimatilpasning, vannmiljø, samt kulturlandskap, naturmangfold og relaterte utfordringer, skal inngå i programmet. Midlene skal gå til utredningsprosjekter og til informasjonstiltak på miljøområdet. Forvaltningen av programmet legges til SLF og fylkesmannen, og avtalepartene avtaler fordelingen i eget møte".*

I Landbruksdirektoratet sine retningslinjer for programmet er det bestemt at:

*Klima- og miljøprogrammet skal gjennom utredninger og informasjonstiltak bidra til å oppnå landbrukspolitikkenes målsettinger på klima- og miljøområdet. Økt kunnskap om utfordringer og tiltak, effektive virkemidler for næringsutøvere, god kunnskapsoverføring fra forskning til praktisk jordbruk og oppdatert rådgiving overfor næringsutøvere er sentrale elementer. Det er også av stor betydning å synliggjøre jordbrukets miljøinnsats og produksjon av miljøgoder. Ny kunnskap i prosjektene skal raskt kunne implementeres i praktisk jordbruk.*

Tilskot til nasjonale tiltak skal brukast til prosjekt av nasjonal karakter, men dei kan knyttast til prosjekt som føregår regionalt eller lokalt, der det ligg ein nasjonal overføringsverdi. Tilskota skal ivareta informasjons- og formidlingsbehovet knytt til verkemidla i nasjonalt miljøprogram, og er delt inn i tre hovudkategoriar: Areal- og kulturlandskapstilskot, spesielle miljøtiltak i landbruket og regionale miljøprogram.

#### 7.4.2 Areal- og kulturlandskapstilskot

Med mål om å ha eit aktivt jordbruk over heile landet skal tilskotet medverke til å styrke og jamne ut inntektene mellom ulike produksjonar og distrikt innanfor planteproduksjon og grovfôrbasert husdyrproduksjon.

Produksjonstilskotet omfattar:

- Arealtilskot
- Kulturlandskapstilskot
- Tilskot til husdyr
- Tilskot til dyr på beite
- Tilskot til dyr på utmarksbeite
- Driftstilskot til mjølkeproduksjon
- Driftstilskot til spesialisert storfekjøttproduksjon
- Tilskot til små og mellomstore mjølkebruk
- Tilskot til bevaringsverdige raser
- Arealtilskot til økologisk landbruk
- Tilskot til økologisk husdyrproduksjon
- Distriktstilskot til frukt, bær og veksthusgrønsakar
- Distriktstilskot for potetproduksjon i Nord-Noreg

Tilskot til avløyning ved ferie og fritid er under same tilskotsordning.

Meir informasjon om dei ulike tilskota:

<https://www.landbruksdirektoratet.no/no/tilskuddsbase/undersider/mer-om-de-enkelte-tilskuddsordningene--51298>

### 7.4.3 Spesielle miljøtiltak (SMIL)

Midlar til spesielle miljøtiltak i jordbruket kan brukast til å ta vare på landskapsverdiar i jord- og skogbrukslandskapet. Kommunane har etter slike søknadar ansvar for å registrere og prioritere viktige område for jordbruk og kulturlandskap/kjerneområde for landbruk.

Gjennom SMIL-ordninga kan det utbetalast tilskot til;

- planleggings- og tilretteleggingsprosjekt som fører fram til konkrete tiltak
- kulturlandskapstiltak
- forureiningstiltak

Etter søknad kan det altså bli gjeve tilskot til tiltak som ivaretek natur- og kulturminneverdiar i landskapet. Døme på dette kan mellom anna vere restaurering av steingardar, utbetring av verneverdige bygningar, rydding/restaurering av gammal kulturmark og inngjerding av gammal kulturmark. Tiltak som bidreg til å hindre eller redusere forureining, eller risikoen for dette, frå jordbruket, er også innanfor kva som er mogleg å søkje om (t.d. leplantingar, fangdammar og hydrotekniske tiltak).

Meir informasjon finns her: <https://www.landbruksdirektoratet.no/no/miljo-og-okologisk/spesielle-miljotiltak/om-tilskudd-til-spesielle-miljotiltak-i-jordbruket/spesielle-milj%C3%B8tiltak-i-jordbruket>

### 7.4.4 Regionale miljøprogram (RMP)

Tilskota skal vere med og stimulere til ein auka miljøinnsats i jordbruket, utover det som er mogleg gjennom nasjonale ordningar.

Det er delt inn i sju ulike miljøtema som det kan søkjast om midlar til gjennomføring av tiltak:

- Kulturlandskap
- Biologisk mangfald
- Kulturmiljø og kulturminne
- Friluftsliv og tilgjengelegheit
- Avrenning til vassdrag og kyst
- Utslepp til luft
- Plantevernmiddel

Tilskota blir betalt ut direkte til bønder som oppfyller vilkåra for dei ulike ordningane, på same måte som for produksjonstilskotet.

Meir informasjon finns her: <https://www.landbruksdirektoratet.no/no/miljo-og-okologisk/regionalt-miljotilskudd/om-regionale-miljotilskudd>

Det er nyleg vedteke ny forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket for Innlandet, meir informasjon om kva dette inneber kan du lese om her:

[https://www.fylkesmannen.no/nb/innlandet/landbruk-og-mat/miljotiltak-i-jordbruket/regional-miljoprogram-for-jordbruket/flere-nye-ordninger-i-regionalt-miljoprogram-for-innlandet/?utm\\_source=nyhetsbrev&utm\\_medium=epost](https://www.fylkesmannen.no/nb/innlandet/landbruk-og-mat/miljotiltak-i-jordbruket/regional-miljoprogram-for-jordbruket/flere-nye-ordninger-i-regionalt-miljoprogram-for-innlandet/?utm_source=nyhetsbrev&utm_medium=epost)

## 7.5 Skogbruksforvaltning

Skogbruk kan ha lokalt negativ, men òg positiv effekt på naturmangfoldet. I skogbruket er det derfor gjort tiltak for å få gode effektar ved å unngå eller tilpasse hogst på areal som er særleg viktige for mellom anna raudlisteartar. Kunnskapsgrunnlaget er viktig for at dette skal fungere i praksis.

Skogbrukslova med tilhøyrande forskrifter sett mange krav til næringsverksemda til skogeigarane med tanke på bevaring av biologisk mangfold. I tillegg er *Programme for the Endorsement of Forest Certification*(PEFC) og *Forest Stewardship Council*(FSC) to skogsertifiseringssystem med ei rekke kravpunkt til skogbruksdrift og produksjon av varer laga av trevirke.

Langt i frå alle tiltak som vert gjennomført i skog er søknadspliktige, og er dermed ikkje omfatta av kapittel 2 i naturmangfoldlova. Skogbrukslovverket krev at skogeigarane skal sjå til at alle tiltak blir gjennomførte i samsvar med lov og forskrift og at skogeigaren skal ha oversikt over miljøverdiane i sin skog og ta omsyn til desse ved gjennomføring av alle typar tiltak i skogen, sjølv om det kan føre til at nokre tiltak ikkje kan gjennomførast. Alle tiltak knytt til hogst og stell av skogen krev eit bevisst forhold til gjennomføring, og omsyn til andre interesser. Her kjem kravpunkta for sertifisering inn. Desse er knytt til hogst og skogbrukstiltak og ei god gjennomføring føreset ein godt oppdatert skogbruksplan og gode planrutinar.

### 7.5.1 Programme for the Endorsement of Forest Certification(PEFC) og Forest Stewardship Council(FSC)

PEFC og FSC baserar seg på FN jordbruks- og næringsmiddelorganisasjon(FEO) sin definisjon på berekraftig skogbruk:

*«Forvaltning og bruk av skog og skogsmark som på måte og takt tar vare på deres biologisk mangfold, produktivitet, foryngelsesevnen, vitalitet, og potensiale til både nå og i framtiden fyller relevante økologiske, økonomiske og sosiale funksjoner på lokalt, nasjonalt og globalt nivå, uten å skade andre økosystemer.»*

Desse to sertifiseringsordningane er basert på *Chain of Custody*-sertifisering(sporbar produksjon), og for alle skogbaserte produkt som er merka med anten PEFC eller FSC skal det kunne dokumenterast at råstoffet kjem frå berekraftig skogbruk. Dei stiller strenge krav til ansvarleg og langsiktig skogforvaltning og sporbar kjede frå skog til forbrukar. Begge sertifiseringsordningane er anerkjente og i dag er alle dei største treforedlings- og sagbruksselskapa sertifisert, og stadig fleire produksjons- og handelsbedrifter kjem etter.



PEFC er ein internasjonal organisasjon med mål om å fremje berekraftig skogforvaltning gjennom uavhengig tredjepartssertifisering. Organisasjonen vart etablert i 1999 og er verdas største skogsertifiseringssystem. Alle bedrifter som sel treprodukt må dokumentere at råstoffet kjem frå sertifisert skogbruk.

<https://www.pefc.no/>




FSC stiller strenge krav til at skogsdrifta ikkje fører til avskoging, at hogsten føregår kontrollert og at den tek omsyn til lokalbefolkning/urbefolkning. Organisasjonen vart stifta i 1993.

<https://no.fsc.org/>

### 7.5.2 Praktisk bruk av naturmangfoldlova ved handsaming av skogsakar

Når sakar skal handsamast etter skoglova med forskrifter, skal vedtaka heimlast i sektorregelverket for skog. Like fullt skal det her gjerast vurderingar også etter naturmangfoldlova. Landbruksdirektoratet har laga ein vegleiar om praktisk bruk av naturmangfaldslova ved handsaming av skogsakar. Vegleiaren er spesielt tilpassa skogbruksansvarleg i kommunen.



Figuren er lånt frå vegleiaren.

Vegleiaren finn du her:

<https://www.landbruksdirektoratet.no/no/eiendom-og-skog/om-skogbruk/skogbruk-i-norge/publikasjoner/praktisk-bruk-av-naturmangfoldloven-ved-behandling-av-skogsaker>



### 7.5.3 Tilskotsordningar i skogbruket

#### Nybygging og ombygging av skogsvegar

I forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket § 5, står det at skogeigar kan få tilskot til nye, eller ombygging av eksisterande, skogsvegar når dette bidreg til heilskaplege løysingar som gir grunnlag for utnytting av skog- og utmarksressursane.

<https://www.landbruksdirektoratet.no/no/eiendom-og-skog/om-skogbruk/tilskudd#nybygging-og-ombygging-av-skogsveier>

#### Skogkulturarbeid og kvalitetsutvikling

I forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket § 4, står det at skogeigar kan få tilskot til ungskogpleie og andre kvalitetsfremjande tiltak som t.d. skjøtsel av skog i kantsoner og i samanheng med kulturminner.

<https://www.landbruksdirektoratet.no/no/eiendom-og-skog/om-skogbruk/tilskudd#skogkulturarbeid-og-kvalitetsutvikling>

#### Skogbruksplan med miljøregistrering/Miljøregistreringar i skog(MIS)

Informasjon om skogressursar og miljøregistreringar er ein grunnleggjande føresetnad for eit berekraftig skogbruk. I dette ligg næringstenleg utnytting av skog- og utmarksressursane og at biologisk mangfold, landskap, friluftsliv og kulturminner i skogen blir ivareteke og vidareutvikla.

I denne samanhengen er ein skogbruksplan med miljøregistreringar viktig. Det er oppretta tilskotsordningar for å stimulere skogbruksplanlegging som eit grunnleggjande verkemiddel for å fremje berekraftig skogbruk. Den største tilskotsordninga er til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.

Oversikt over kva ein kan søkje om tilskot til:

- Enkelttakst- takst for ein enkelt skogeigedom
- Fellestakst- takst for fleire skogeigedommar som bestiller skogbruksplan innanfor eit geografisk avgrensa område.
- Områdetakst. Takst for alle, eller dei fleste, skogeigedommane innanfor eit geografisk avgrensa område, t.d. ei kommune.
- Deltaking på godkjent kurs i utarbeiding og bruk av skogbruksplan på inntil 50%.
- Landbruks- og matdepartementet kan godkjenne bruk av tilskotsmidlar til andre tiltak som fell inn under tilskotsordninga.

Tilskot til MIS har ein klar miljøprofil, der formålet nettopp er å skaffe oversikt over miljøverdiane slik at ein kan ta omsyn til desse i skogbruket. Tilskot til MIS endrar ikkje bruken og omfattar dermed ikkje naturmangfold, jf. Naturmangfoldlova(nml) § 7. Dette inneber at ein i utgangspunktet ikkje treng å gjere vurderingar etter nml. §§ 8-12.

<https://www.landbruksdirektoratet.no/no/eiendom-og-skog/skog-og-miljoregistreringer/skogbruksplanlegging>

### Tømmerkaier og –terminalar

Ved nybygging eller ombygging av kaier kan det søkast om tilskot til skogbrukets del av kostnadane.

<https://www.landbruksdirektoratet.no/no/eiendom-og-skog/om-skogbruk/tilskudd#toemmerkaier-og--terminaler>

### Skogsdrift med taugbane, hest, o.a.

I forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket § 7, kan skogeigarar søkje om tilskot til skogsdrift med t.d. taugbane eller hest. Tilskot til dette blir berre utbetala dersom det er registrert miljøkvalitetar (MIS-figurar) i området, eller det må stillast krav til gjennomføring av dei føre-var-tiltak som er nedfelt i ein av skogsertifiseringsstandardane.

<https://www.landbruksdirektoratet.no/no/eiendom-og-skog/om-skogbruk/tilskudd#skogsdrift-med-taugbane--hest-o-a->

### Skoggjødsling som klimatiltak

Skogeigar kan få dekt opptil 40% av utgiftene han har ved gjødsling av eit skogbruksareal for å auke tilveksten som fører til auka CO<sub>2</sub>- opptak.

<https://www.landbruksdirektoratet.no/no/eiendom-og-skog/om-skogbruk/tilskudd#skoggjoedsling-som-klimatiltak>

### Tettare skogplanting som klimatiltak

Skogeigarar med meir enn 10 daa produktiv skog og som har oppfylt kravet om minimum utplanting kan søkje om tilskot til nyplanting og/eller supplering på alle bonitetar for å få optimal produksjonsevne og bidra til auka CO<sub>2</sub>-binding.

<https://www.landbruksdirektoratet.no/no/eiendom-og-skog/om-skogbruk/tilskudd#tettere-skogplanting-som-klimatiltak>

### Miljøtiltak for ivareta og vidareutvikle miljøverdier

Etter forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket § 6, kan skogeigar søkje om tilskot til å ivareta og vidareutvikle miljøverdier knytt til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturminner. Det skal ved utbetaling av slike tilskot vere inngått ei avtale mellom skogeigar og kommunen om plikter og restriksjonar rundt prosjektet. Naturmangfaldlova §§ 8-12 skal vere vurdert ved handsaming av slike søknadar.

<https://www.landbruksdirektoratet.no/no/eiendom-og-skog/om-skogbruk/tilskudd#miljoetiltak-for-aa-ivareta-og-videreutvikle-miljoeverdier>

### Andre tiltak og prosjekt for å utvikle skogbruket

Forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket § 8, fjerde ledd, opnar for at skogeigar kan få tilskot til tiltak eller prosjekt som til dømes aukar aktiviteten og ressursutnyttinga i og frå skogen.

<https://www.landbruksdirektoratet.no/no/eiendom-og-skog/om-skogbruk/tilskudd#andre-tiltak-og-prosjekt-for-aa-utvikle-skogbruket>

### Skogfondsordninga

Skogfondet består av midlar som skogeigarane pliktar å sette av ved alt sal av tømmer og biobrensel. Ordninga skal sikre finansiering av ei berekraftig forvaltning av skogressursane. For skogeigaren vil fondsmidlane forenkle investeringa i langsiktige tiltak og vere med å bidra til sikring av viktige miljøverdiar i skogen.

Avsetting til skogfondet er heimla i skoglova og kan brukast til fastsette tiltak i samband med skogbruket knytt til ein skogeigedom.

<https://www.landbruksdirektoratet.no/no/eiendom-og-skog/skogfond/om-skogfond#skogfond-kan-brukes-til>

### Tilskot frå renter av skogfond

Landbruksdirektoratet har ansvar for å forvalte dei rentene som er opptent frå skogfondet. Rentemidlane kan brukast til føremål som skal kome skogbrukets fellesskap til gode.

<https://www.landbruksdirektoratet.no/no/eiendom-og-skog/prosjektmidler-og-forskning/tilskudd-fra-rentemidler>

### Utviklingsfondet for skogbruket

Dette fondet har som føremål å fremje forskning, utvikling, informasjon og opplæring innan skogbruket, samt andre tiltak av interesse for skogbruksnæringa. Midlane til fondet skal i første rekke støtte anvendt FoU-verksemnd med klare problemstillingar og mål.

<https://www.landbruksdirektoratet.no/no/eiendom-og-skog/prosjektmidler-og-forskning/utviklingsfondet-for-skogbruk#soeknadsfrister-og-regelverk>



Skogbruket er ei svært viktig næring i Etnedal.

Biletet er lånt frå Etnedal kommune

## 7.6 Massedisponering

Massedisponering påverkar natur og landskap. Ved søknadar om utfylling av massar, mellomlagringar, grustak og andre terrenginngrep må kommunen vurdere tilhøvet til landskapet.

## 7.7 Kommunal forvaltning av område verna etter naturvernlova/naturmangfaldlova

Mange kommunar har areal som er naturvernområde, og som skal sikre sårbare og trua naturtypar og/eller bevare område av internasjonal, nasjonal eller regional verdi. Det er fleire ulike verneformer, der naturreservat har det strengaste vernet og landskapsvernområde det mildaste. I dei tilfella kommunen er forvaltningsmyndigheit for slike område har den ansvar for å praktisere vernereglane som er vedteke for det aktuelle området, slik at landskapet bevarar sitt særpreg eller karakter. Oftast er Fylkesmannen forvaltningsmyndigheit og det er utarbeida forvaltningsplan for området som seier noko om kva som er lov å gjere av ulike aktivitetar og kva skjøtseltiltak som skal gjennomførast.

<http://www.miljodirektoratet.no/no/Tema/Verneomrader/Forvaltning-av-verneomradene/>

## 7.8 Vurdering av verknadar av utanforliggjande verksemd

Verknadar av utanforliggjande verksemdar kan medføre skade inn i eit verneområde, inkludert moglege skadar på det landskapsmessige mangfaldet, jamfør naturmangfaldlova § 49. Dette omfattar all verksemd som treng løyve etter anna lov, og gjeld uavhengig av kven som er forvaltningsmyndigheit for verneområdet. I kommuneplanen sin arealdel kan ein nytte til dømes omsynssone med føresegnar i området rundt eit verneområde for å best mogleg kunne ivareta verneformålet.

## 7.9 Friluftsområde

Eit av miljømåla til regjeringa er å ta vare på friluftslivets posisjon og vidareutvikle det gjennom allemannsretten, bevaring og tilrettelegging av viktige friluftsområde og stimulere til auka friluftaktivitet for alle. I kommunen si forvaltning av friluftsliv skal det takast omsyn til landskap ved planlegging av tilretteleggingstiltak. Friluftsliv er eit relevant tema i dei alle fleste arealplanar og arealplanlegginga er eit godt verktøy for å ta vare på friluftslivet på plannivå. Friluftslivet er generelt prega av mange aktørar med ulike roller, med eit stort engasjement frå mange grupper, og det er utfordrande at det ikkje er nokon myndigheit som fullt ut tek ansvar og eigarskap for sektoren. I neste avsnitt er det skildra kor oppdelt forvaltninga av friluftsliv er;

Klima- og miljødepartementet er fagdepartementet, og har ansvar for tilskotsordningar, lovverk og andre verkemiddel på området, samt jakt og fiske. Friluftsliv utgjør under 3% av departementet sine rammer. Vidare jobbar Miljødirektoratet for eit reint og rikt miljø, med hovudoppgåver som klimagassreduksjon, naturforvaltning og å hindre forureining. Direktoratet forvaltar mange av tilskotsordningane som klima- og miljødepartementet har ansvar for. Kulturdepartementet har ansvar for friluftsliv då dette er ein del av statens idrettspolitik. Kulturdepartementet forvaltar spelemidlane som mellom anna blir brukt til friluftslivstiltak. Kunnskapsdepartementet har ansvar for natur og friluftsliv i skulens

undervisingsplanar, som til dømes *den naturlige skolesekken*, som er eit samarbeid med klima- og miljødepartementet. Samferdselsdepartementet har ansvar for gang- og sykkelveggar, bilveggar og offentleg kommunikasjon ut til friluftsområde og Helse- og omsorgsdepartementet og Helsedirektoratet er opptekne av effekten friluftslivet har på folkehelse og har ansvar for å formidle dette ut til folket.

Kommunane har ansvar for å samordne lokalt arbeid med folkehelse, tilrettelegging for friluftsliv, og stimulere til aktivitet lokalt. Kommunen har kanskje den viktigaste rolla som ansvarleg for å knytte saman arbeidet til departementa og direktorata på ein funksjonell måte, då det er her resultatet av avgjerslene kjem ut i praksis.


Regjeringa jobbar stadig mot auka friluftsliv og betre folkehelse. I Stortingsmeldinga *Friluftsliv- Natur som kjelde til helse og livskvalitet*(Meld. St. 18(2015-2016)) vil regjeringa bidra til at endå fleire driv med friluftsliv, og får oppleve friluftsliv som ei kjelde til betre helse og høgare livskvalitet. Meldinga omfattar tiltak og føringar innanfor både motivering og rekruttering til friluftsliv, og innanfor forvaltning av område for friluftsliv. Nærmiljøet for barn og ungdom er særleg prioritert. Meldinga omfattar òg tiltak og føringar for å ivareta areal for friluftsliv i fjellområde med stort utbyggingspress. Dette er viktig å ta med seg ved arealplanlegging i kommunane.

Stortingsmeldinga finns her:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-18-20152016/id2479100/sec1>

#### 7.9.1 Tilskotsordningar innanfor friluftsliv

- Spelemidlar frå Norsk Tipping til friluftslivsformål (anleggsmidlar)
- Tilskot frå Miljødirektoratet (aktivitetsmidlar)
- Tilskot frå Kulturdepartementet (aktivitetsmidlar)
- Statskogmillionen



Graneisbygde

Foto: Ann-Kristin K. Andersen

## 7.10 Inngrepsfrie naturområde i Noreg(INON)

INON måler avstand frå tyngre, tekniske inngrep i naturen og anslår inngrepsfrie soner basert på avstand i luftlinje frå nærmaste inngrep. Inngrepsfrie naturområde er inndelt i tre ulike soner etter avstand til nærmaste inngrep.

- Villmarksprege område: Område fem kilometer eller meir frå tyngre inngrep.
- Inngrepsfri sone 1: Område 3-5 kilometer frå tyngre inngrep.
- Inngrepsfri sone 2: Område 1-3 kilometer frå tyngre inngrep
- Område som ligg mindre enn 1 kilometer frå tyngre inngrep kallast inngrepsnære.

## 7.11 Tilskotsordningane til Klima- og miljødepartementet

Miljødirektoratet har eit elektronisk søknadssenter som grunneigarar, privatpersonar, frivillige organisasjonar, kommunar, verksemdar og institusjonar kan søkje om tilskot gjennom.

### 7.11.1 Tilskot til trua og utvalde naturtypar

Her er det mogleg å få tildelt midlar til tiltak som tek vare på trua naturtypar og utvalde naturtypar, samt mangfaldet som kjenneteiknar den einskilde naturtypen.

Utvalde naturtypar er valde ut av Stortinget som spesielt viktig å ta vare på og dei har fått eigen forskrift, <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2014-11-25-1537>. Trua naturtypar er registrert på den norske raudlista for naturtypar (2018) og er kategorisert som kritisk trua(CR), sterkt trua(EN) eller sårbar(VU).

For desse naturtypene kan ein søkje tilskot om:

- skjøtsel og vedlikehald
- tilpassa bruk på areal som inngår i drifta av landbruksføretak
- gjerding
- kartlegging og overvaking knytt til tiltak

Dei ulike naturtypene som det opna for å søkje tilskot til, kjem opp i ei eigen liste i søknadsskjemaet.

<https://soknadssenter.miljodirektoratet.no/Soknader/Info.aspx?id=13&Menyvalg=SOKNADSENTER>

Fylkesmannen er ansvarleg for trua og prioriterte artar.

### 7.11.2 Tilskot til trua og prioriterte artar

Her kan du sende inn søknad om tilskot til tiltak for å ta vare på trua artar og prioriterte artar. Tilskotsordninga omfattar i tillegg tiltak som bidreg til å ta vare på dei økologiske funksjonsområda til prioriterte artar.

<https://soknadssenter.miljodirektoratet.no/Soknader/Info.aspx?id=12&Menyvalg=SOKNADSENTER>

Fylkesmannen er ansvarleg for trua og prioriterte artar.

### 7.11.3 Andre tilskot

Det er også mogleg å søkje om tilskot til ei rekkje andre tiltak og prosjekt, mellom anna naturforvaltning, friluftsliv, forureining, kulturminne, klima m.m. Dette er tiltak som har som føremål å betre miljøtilstanden i Noreg. Det er laga eit eige rundskriv om tilskotsordningane:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/tilskotsordningar-for-2019/id2617955/#naturforvaltningstiltak>

For å få tilgang til dei ulike søknadsskjema som finns for dei ulike tilskotsordningane må ein registrere seg som brukar i det elektroniske søknadssenteret til Miljødirektoratet:

<https://soknadssenter.miljodirektoratet.no/Default.aspx>

Ein skal vere klar over at det er ulike instansar som er ansvarlege for handsaming av dei ulike tilskotsordningane.



*Mårspor. Måren var totalfreda i Noreg frå 1930-1967 på grunn av for hard beskatning.*

*Foto: Sterke Streker*

## 7.12 Artsprosjektet


Artsprosjektet er ei tilskotsordning som vart etablert av Klima- og miljødepartementet i 2009 med tanke på å styrke kunnskapen om artar i norsk natur. Artsdatabanken er ansvarleg for prosjektet.

Målet er på sikt å ha kartlagd alle eukaryote fleircella artar i Noreg.

Det er gjennom Artsprosjektet mogleg å søkje om midlar til kartlegging av dårleg kjente artar.

Meir om prosjektet finn du her:

[http://beta.artsdatabanken.no/Files/17893/Utllysning\\_av\\_tilskudd\\_til\\_kartlegging\\_av\\_arter\\_2017](http://beta.artsdatabanken.no/Files/17893/Utllysning_av_tilskudd_til_kartlegging_av_arter_2017)



*Tonsåsen*


*Foto: Miriam Brattsti*



## 8. Informasjon til deg som skal regulere eigedom eller omdisponere areal

Plan- og bygningslova (pbl) stiller krav til regulering av eit område når det skal planleggast større bygge- eller anleggstiltak (jf. pbl § 12-1). Reguleringsplanar kan utarbeidast av både private tiltakshavarar, organisasjonar og andre myndigheiter. Ein reguleringsplan er delt i to typar, områderegulering og detaljregulering. Reguleringsplanar skal vere utarbeidd av ein fagkyndig aktør, som kjenner til krava i lovverk og vegleiingar.

Eit reguleringsforslag frå ein privat aktør må vere i tråd med hovudtrekka og rammene i kommuneplanens arealdel, og skal samtidig vere forankra direkte i den kommunale planstrategien.



### 8.1 Naturmangfald i private reguleringsplanar

#### Arealformål i reguleringsplan (§ 12-5)

1. Bebyggelse og anlegg, herunder arealer for boligbebyggelse, fritidsbebyggelse, sentrumsformål, kjøpesenter, forretninger, bebyggelse for offentlig eller privat tjenesteyting, fritids- og turistformål, råstoffutvinning, næringsbebyggelse, idrettsanlegg, andre typer anlegg, uteoppholdsarealer, grav- og urnelunder,
2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, herunder areal for veg, bane, lufthavn, havn, hovednett for sykkel, kollektivnett, kollektivknutepunkt, parkeringsplasser, trasé for nærmere angitt teknisk infrastruktur,
3. Grønnstruktur, herunder areal for naturområder, turdrag, friområder og parker,
4. Forsvaret, herunder areal for ulike typer militære formål,
5. Landbruks-, natur- og friluftformål samt reindrift, samlet eller hver for seg, herunder områder for jordbruk, skogbruk, reindrift, naturvern, jordvern, særlige landskaps hensyn, vern av kulturmiljø eller kulturminne, friluftsområder, seterområder, og landbruks-, natur- og friluftsområder der kommuneplanens arealdel tillater spredt bolig-, fritidsbolig- og næringsvirksomhet,
6. Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhørende strandsone, herunder områder for ferdsl, farleder, fiske, akvakultur, drikkevann, natur- og friluftsområder.

I Etnedal vil som oftast ein reguleringsplan omhandle omdisponering av landbruks- og naturområde. Ein reguleringsplan kan brukast til å ta vare på viktige natur- og friluftsområde i seg sjølv, men gir òg moglegheiter til å ta vare på natur- og friluftinteresser innanfor eit utbyggingsområde.

Arealet reguleringsplanen omfattar skal alltid ha arealbruksføremål, jf. pbl § 12-5. Det kan delast inn i fleire arealføremål innanfor det regulerede området, og/eller det kan kombinerast med delføremål og omsynssoener.

Ein reguleringsplan har gjerne føresegner. Desse bør seie noko om m.a. natur og friluftsliv, jf. Pbl § 12-7.

#### Bestemmelser i reguleringsplanen (§ 12-7, punktene 6, 9 og 12)

6. Bestemmelser for å sikre verneverdier i bygninger, andre kulturminner, og kulturmiljøer, herunder vern av fasade, materialbruk og interiør, samt sikre naturtyper og annen verdifull natur.
9. Retningslinjer for særlige drifts- og skjøtselstiltak innenfor arealføremålene nr. 3, 5 og 6 i § 12-5.
12. Krav om nærmere undersøkelser før gjennomføring av planen, samt undersøkelser med sikte på å overvåke og klargjøre virkninger for miljø, helse, sikkerhet, tilgjengelighet for alle, og andre samfunnsinteresser, ved gjennomføring av planen og enkelttiltak i denne.

Plan- og bygningslova stiller tematiske krav som omfattar miljø og samfunn, medan naturmangfaldlova krev at økosystem, naturtypar og artar blir teke omsyn til og vurdert ved utarbeiding av reguleringsplanar. Krava i naturmangfaldlova må sjåast i samanheng med dei krava som følgjer av plan- og bygningslova, slik at innhaldet i ein reguleringsplan oppfyller krav i lovverket.

Skal det utarbeidast ein reguleringsplan skal planeigar/forslagsstillar sørge for at vurderingar etter naturmangfaldlova(nml) er gjort:

- Jamfør nml § 4 må den som skal utføre ein aktivitet gjere seg kjent med kva for naturverdiar som kan verte skadelidande av den aktuelle aktiviteten.
- Nml § 7 seier at §§8-12 skal leggest til grunn som retningslinjer, og vurderast, ved utøving av offentleg myndigheit.
- Etter § 8 har forslagsstillar ansvar for å utgreie kunnskapsgrunnlaget dersom naturmangfald er berørt, jf. § 7. Eksisterande kunnskap skal innhentast og dokumenterast, og stå i eit rimeleg forhold til sakens karakter. Det skal visast til kjelder som er brukt.
- Jamfør § 9 må forslagsstillar vise til at kunnskapsgrunnlaget om landskap, økosystem, naturtypar og artar er godt nok og at verknaden tiltaket har på naturmangfaldet ikkje er betydeleg, og dermed kan gjennomførast. Det må grunngjevast om tiltaket vil føre til vesentleg skade på naturmangfaldet eller ikkje.
- Nml § 10 stiller krav til at den samla belastninga på naturmangfaldet blir vurdert.
- Tiltakshavar er jf. Nml § 11 ansvarleg for å dekke kostnadane ved ei eventuell miljøforverring.
- Etter nml § 12 skal det søkast å bruke miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar for å unngå eller avgrense skadar på naturmangfaldet, slik at det ut frå ei samla vurdering av tidlegare, noverande og framtidig bruk av mangfaldet og økonomiske forhold, gir dei beste samfunnstenlege resultat.

Etnedal kommune har laga eit skjema for vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12 ved utarbeiding av reguleringsplanar.

## 8.2 Naturmangfald i byggesakar

Tiltakshavar har jf. plan- og bygningslova kap. 23 ansvar for at naturmangfaldet er vurdert i byggesaka. Det vert stadig kartlagd og innhenta ny informasjon om naturmangfaldet som blir lagt inn i dei ulike databasane og kartløyisingane som er presentert under kapittel 9 her i planen. Ein byggesak kjem alltid på eit seinare tidspunkt enn reguleringsplanen, eller den kan òg vere utanfor regulert område. Det er derfor svært viktig at naturmangfaldet blir vurdert på nytt.

## 9. Databasar og kartløyningar

### 9.1 Naturbase

Naturbase er ein viktig reiskap i kommunal forvaltning. Her er det mange søkjemoglegheiter som kommunalt tilsette og andre kan gjere seg nytte av. Naturbase gir deg kartfesta informasjon om utvalde område for natur og friluftsliv. Miljødirektoratet samlar inn geografiske data som blir tilrettelagt og formidla ut til mellom anna kommunale planleggjarar og sakshandsamarar, konsulentar, grunneigarar og lokalt reiseliv.

Kommunen har bruk for ei rekke data når det skal vurderast kva eit område skal brukast til. Naturbase gir mellom anna oversikt over viktige data frå Miljødirektoratet:

- Artar av nasjonal forvaltningsinteresse
- Naturvernområde
- Statleg sikra friluftslivsområde
- Kartlagde område med viktige naturtypar, inkludert utvalde naturtypar
- Verdifulle kulturlandskap, inkludert utvalde kulturlandskap


Det er fleire element i Naturbase som er utvikla for å gje brukarane eit best mogleg tilbod:

- Kart, med brukarvegledning
- Enkeltøk
- Nedlasting av data til bruk i eigne kartsystem (ValdresKart har eigne temakart for mellom anna natur, geologi og forureining)
- Dokumentasjon av data, instruksar og rutinar

Det er mange viktige leverandørar til Naturbase, mellom anna kommunar, fylkeskommunar, fylkesmenn og konsulentfirma.

Naturbase viser også data frå andre institusjonar som:

- Artsdatabanken
- Havforskningsinstituttet
- Norsk polarinstitutt
- Riksantikvaren
- NIBIO



Formidling av data.

Kjelde: Fylkesmannen/Miljødirektoratet

I Naturbase er naturtyper vurdert som *svært viktige(A)*, *viktige(B)* og *lokalt viktige(C)* for biologisk mangfold. Disse lokalitetene finst både innanfor og utanfor verneområde. Utanom verneområda må desse verdiane ivaretakast gjennom mellom anna kommunal arealforvaltning.

Verdisettinga er gjort etter visse kriterium som er skildra i ulike handbøker og kartleggingsinstruksar. Verdisettinga er ei viktig hjelpemiddel ved konsekvensutgreiingar og andre vurderingar som blir lagt til grunn for arealbruk.

Ved bruk av datamateriale frå Naturbase er det viktig å vise til datoen informasjonen vart henta ut, då basen endrar seg fortløpande ettersom ny informasjon blir lagt inn.

Naturbase finn du her:

<http://www.miljodirektoratet.no/no/Tjenester-og-verktoy/Database/Naturbase/>



*Mellatn*

*Foto: Guro Strande Osnes*

## 9.2 Artsdatabanken

Artsdatabanken er ein nasjonal kunnskapsbank for naturmangfold, som vart oppretta i 2005. Artsdatabankens viktigaste oppgåve er å samle inn og framstille informasjon om artar og naturtypar som kjem frå og skal ut att til offentlege instansar, forskingsmiljø, andre forvaltningsorgan, museum og frivillige organisasjonar.

Artsdatabanken endrar seg kontinuerleg, og ved bruk av informasjon herifrå må det derfor alltid vistast til datoen for uthenting av data.



*Ekorn i gammel høgareliggjande skog i Etnedal. Foto: Sterke Streker*

I Noreg er det om lag 44 000 kjente artar av dyr, planter og andre organismar, alle med sine livsmiljø. Det er truleg totalt 60 000 artar i Noreg, og dermed mange artar som ikkje er oppdaga og kartlagde. Artsdatabanken arbeidar kontinuerleg med å utvide kunnskapsgrunnlaget og har ei rekke arbeidsområde:

### **Arbeidsområdene til Artsdatabanken:**

- **Artsprosjektet** – kartlegging av artsmangfoldet i Norge
- **Arter på nett** – informasjon om artar og artsgrupper
- **Kunnskapsoversikt over artsmangfoldet** – hva vi har og hva vi mangler av kunnskap om artar
- **Norsk rødliste for artar** – artar som har risiko for å dø ut fra Norge
- **Norsk rødliste for naturtyper** – naturtyper som har risiko for å forsvinne fra Norge
- **Fremmedartslista** – vurderingar av hvilken økologisk risiko fremmede artar utgjør i norsk natur
- **Artsobservasjoner.no** – registrer artar du har sett
- **Artskart.no** – se hvor artar er funnet
- **Natur i Norge (NiN)** – verktøy for å beskrive natur
- **Artsnavnebasen** – navneregister for artar og artsgrupper
- **Navn og slektskap** – info om navnearbeid og verktøy for navnevaske

Kjelde: Artsdatabanken

Artsdatabanken finn du her: <https://www.artsdatabanken.no/>


### 9.3 Norsk Raudliste for artar

*Norsk Rødlisse for artar 2015* (Henriksen & Hilmo) er ei oversikt over artar som er vurdert å ha ein risiko for å døy ut i Noreg. Alle land som er tilslutta Verdens Naturvernunion(IUCN) skal ha ei slik liste som er utarbeidd etter ein bestemt metodikk. Raudlista er basert på eit best mogleg kunnskapsgrunnlag og skal bidra til ei kunnskapsbasert forvaltning av artsmangfaldet. Ei slik base bidreg til standardisering av arbeidet med kunnskapsgrunnlaget og fører til konsistent og riktig bruk av kriteria, samt vurderingar som skal kunne etterprøvast.

Ein stor del av artane og naturtypeane som er raudlista er i tilbakegang på grunn av menneskeleg aktivitet, inngrep og påverknad.

Raudlista er dynamisk og ved bruk av data herifrå må den datofestast.

Artane er delt inn i grupper etter kor trua dei er vurdert til å vere:



Figur henta frå Artsdatabanken.no

### 9.4 Norsk Raudliste for naturtypar

Tilsvarende er det laga ei raudliste for naturtypar. *Norsk rødlisse for naturtyper 2018* er utarbeida av Artsdatabanken i samarbeid med ei rekke ekspertar frå vitskapelege institusjonar. 285 naturtypar er vurdert og 124 av desse er plassert på raudlista. Det er ingen naturtypar som dei siste åra har gått tapt, men 26% er vurdert som trua.

Oversikt over raudlista for naturtypar:

<https://www.artsdatabanken.no/rodlistefornaturtyper>



**Norsk rødlisse for artar 2015**  
**(pdf) Norsk rødlisse for artar 2015**  
**(PDF)(6,6 MB)**

## 9.5 Artskart

Artskart er ei teneste som viser funn av raudlisteartar og andre artar på ein oversiktleg og søkbar måte. Tenesta viser kvar artar er funne, og ein kan sjå kva som er rapportert innanfor eit bestemt område. For alle som arbeider med areal- og naturforvaltning er dette eit viktig verktøy for å styrke kunnskapsgrunnlaget. Forvaltningslova § 17 og naturmangfaldlova § 8 krev bruk av kunnskapsgrunnlaget for å opplyse ei sak så godt som mogleg når leveområda til artane handsamast etter naturmangfaldlova, plan- og bygningslova eller etter sektorlovverk.


Naturmangfaldlova § 5 seier at:

*«Målet er at artene og deres genetiske mangfold ivaretas på lang sikt og at artene forekommer i levedyktige bestander i sine naturlige utbredelsesområder. Så langt det er nødvendig for å nå dette målet ivaretas også artenes økologiske funksjonsområder og de øvrige økologiske betingelsene som de er avhengige av.»*

Artskartet bidreg her ved å vise leveområda til artane og det gir indikasjonar på kor viktig det einskilde området er for arten.

Ein skal samstundes vere klar over at artskartet ikkje er uttømmende og det er under stadig utvikling. Det er viktig å tolke informasjonen rett og hugse på å datere bruken, då det heile tida endrar seg. Eit område utan funn betyr like gjerne at det ikkje er utforska eller kartlagd.

Nokon sårbare artar(t.d. hekkeplassar for rovfuglar) er unnateke frå offentleg innsyn i Artskart(skjerma funn). Dette er gjort for å redusere faren for faunakriminalitet. Slik skjerma data er svært viktig i forvaltningssamanheng og dei vil derfor vere tilgjengelege for mellom anna fylkesmannen og utvalde sakshandsamarar i kommunane.



<http://artskart.artsdatabanken.no/>

Brukarvegleiing til Artskart:

<https://www.fylkesmannen.no/globalassets/fm-oslo-og-akershus/dokument-fmoa/miljo-og-klima/artskart-brukerveiledning-29112012.pdf>

## 9.6 VannNett og Vannmiljø

VannNett er eit nettbasert kartverktøy som blir brukt i samband med vassforskrifta. Målet er å gje ein enkel og rask tilgang til data om vatn og vassdrag i forskjellige format. I VannNett kan ein finne informasjon om korleis det står til med vatnet (miljøtilstand, miljømål, tiltak, påverknadar m.m.) og få ut data om dette i form av faktaark og kart. VannNett er eigd av miljøforvaltninga og NVE (som også driftar systemet). Databasen oppdaterast løpande.

<https://vann-nett.no/portal/#>

Vannmiljø er miljømyndigheitene sitt fagsystem for registrering og analyse av tilstanden i vatn. All rådata frå undersøkingar og overvaking skal leggst inn her. Ved behov for meir detaljert bakgrunnsdata for tilstand og utvikling i vannmiljøkvalitet kan Vannmiljø nyttast i tillegg til VannNett.


<https://vannmiljo.miljodirektoratet.no/>

## 9.7 Valdreskart

Valdreskart er eit samarbeidsprosjekt mellom dei seks Valdreskommunane. Kartløyninga er avansert og inneheld det meste ein treng av informasjon. Når det kjem til naturmangfold, er det eigne kartlag ein kan legge på for å få fram den informasjonen ein ynskjer. Informasjon frå dei ulike tenestene som er nemnt tidlegare i kapittel 8 her i planen vil vere tilgjengelege i Valdreskart og skal vere fortløpande oppdatert.

Dater alltid informasjonen som hentast frå kartløyninga.

[www.valdreskart.no](http://www.valdreskart.no)



The image shows a screenshot of the Valdreskart web application. The interface includes a search bar on the left, a main map area, and a legend on the right. Callout boxes provide instructions on how to use the application:

- Brukarvegledning**: Points to the search bar on the left side of the interface.
- Val av karttype**: Points to the legend on the right side of the interface.
- Teiknforklaring**: A legend box with the text: "Her kan du velje ulike kartlag. For Naturmangfold: Trykk på + framom «Temakart Natur, geologi og forurensing» og huk av for dei kartlaga du vil sjå."
- Søk på gards- og bruksnummer for å finne din eigedom**: Points to the search bar on the left side of the interface.

Ved spørsmål om bruk av Valdreskart kan du kontakte kommunen.



## 10. Eksisterande kunnskap om naturmangfold i Etnedal

### 10.1 Registreringar frå Etnedal i Naturbase

Pr. 1.1.2019 ligg det 116 kartlagde naturtypar innanfor Etnedal kommune i Naturbase (15 av dei er utvalde naturtypar).

Desse lokalitetane fordelar seg med 25 svært viktige naturtypar (A), 64 viktige naturtypar (B) og 27 lokalt viktige naturtypar (C).

Naturbase er ei svært viktig informasjonskjelde i samband med arealforvaltning og andre tiltak i kommunen. Dei eksisterande naturtypane som er registrert i Etnedal omfattar m.a. slåttemark, gammal barskog, flaumskogsmiljø, myrområde og artsrike vegkantar.

Fleire av naturtypane er kartlagt for mange år sidan, og har derfor noko unøyaktig avgrensing og kvalitet etter dagens standardiserte krav. Ein mangel ligg òg i kunnskapen knytt til natur som tidligare gjerne hadde mindre fokus i kartleggingsamanheng (t.d. gamle lauvingstre, rikmyr, rasmark mm). Nokon av dei registrerte naturtypane i Etnedal vart kartlagde på nytt i 2018 i samband med utarbeiding av denne planen. Kartlegginga vart utført av Geir Høitomt v/ Kistefos Skogtjenester. Ny informasjon som dei aktuelle naturtypane blir registrert i Naturbase.


Naturtypane i Etnedal finn du lista opp her (Enkeltsøk i Naturbase):

<https://www.miljodirektoratet.no/verktoy/naturbase/>



Steinsetfjorden sett frå Klukkarlie

Foto: Linda Mæhlum Robøle



Kartlagde naturtyper i Etnedal kommune vist med raude punkt.

Kjelde: Naturbase(10.1.2019)



*Velhalde kulturlandskap ved Langedal. Ein naturtypelokalitet er avgrensa i den brattaste bakken oppe til høgre i biletet(naturbeitemark, verdi B). Foto: Geir Høitomt(07.10.2018)*

#### 10.1.1 Sakshandsaming i samband med registrerte naturtypar

Kvar gong det skal fattast enkeltvedtak, fastsettast forskrift, tildelast tilskot eller utøvast anna offentleg myndigheit skal det alltid vurderast om naturmangfoldet vert påverka i større eller mindre grad.

Jf. § 4 i naturmangfoldlova er målet at naturtypemangfoldet blir teke vare på innanfor det naturlege utbreiingsområdet naturtypene har, og dermed også bidra til å bevare artsmangfoldet og dei økologiske prosessane som kjenneteiknar den einskilde naturtypen.

Rutiner for sakshandsaming:

- Bruk sjekklister for vurderingar etter naturmangfoldlova §§ 8-12 for Etnedal kommune (sjå vedlegg 1)
- Sjå kapittel 8.1 for generell informasjon om Naturbase.
- Sjå kapittel 7 i planen, og då særleg kapittel 7.11.1 som omhandlar tilskotsordningar for trua og utvalde naturtypar, når det gjeld kartlegging eller liknande.

Tiltakshavar/arealplanleggar/sakshandsamar skal(etter kva som er relevant for saka):

- Slå på relevante kartlag i Naturbase.
- Søke i kartet, sjå på enkeltobjekt eller område, etter kva som er relevant for saka.
- Vurdere søkeresultatet, plukke ut dei førekomstane som blir påverka av plan/tiltak.
- Vurdere korleis naturtypen vil bli påverka av plan/tiltak.
- Kontakte person med spesialkompetanse, t.d. biolog.
- Sjekke verdi på naturtypen og vurdere kor sårbar den er, dokumentere dette i saka og bruke det i vurderingsgrunnlaget.
- Datere all dokumentasjon. Naturbase er dynamisk og vil endre seg over tid.
- Legge ved aktuell dokumentasjon eller bygge det inn i saksframlegget til planen/tiltaket.
- Sende sak til offentleg ettersyn og høyring.

Dersom kunnskapen er for dårleg er kartlegging av naturtypar ein moglegheit for å kunne auke kunnskapsgrunnlaget, slik at kommunen betre kan vise omsyn til viktige naturtypar i arealplanlegging og anna sakshandsaming. Naturmangfoldlova(nml) kan verne naturtypar og dermed sikre arealformålet, men vern er ikkje åleine tilstrekkeleg for å ta vare på naturtypane med sitt økologiske system og artsmangfold. Om lag 85% av landets areal er ikkje verna etter nml og måten forvaltninga handsamar desse areala har derfor stor tyding for bevaring av det biologiske mangfaldet.

Konsekvensar av feil arealbruk er tap eller reduksjon av naturtypar. Skogsdrift, jordbruksdrift, drenering, attfylling, mudring, dumping og utbygging er viktige faktorar som påverkar naturtypane.

Kommunen må vere bevisst på kva som skal til for å få til ei optimal forvaltning av arealet.



*Svartgubbe(EN) i flaumpåverka granskog langs Etna, sør for Lundebrue.*

*Foto: Geir Høitomt(09.05.18)*

### 10.1.2 Tiltaksbehov for naturtypar

- 1) Oppdatering av gamle figurar.
- 2) Behov for nykartlegging.



*Styltejordstjerne (LC) i flaumpåverka skog ved Høljarast.*

*Foto: Geir Høitomt(05.09.18)*



*Brudespore på Midtre Fjell (Verdi A).*

*Foto: Geir Høitomt*

## 10.2 Artskart for Etnedal kommune


Per 1.1.2019 er det registrert i underkant av 15 000 funn av artar innanfor Etnedal kommune på Artskart. Omlag 1000 av desse funna er ulike raudlisteartar. Det er gjennomgåande god kvalitet og stadnøyaktigheit på innlagte data for desse artane, og Artskart er dermed ei svært viktig informasjonskjelde ved innsamling av data i samband med arealforvaltning og andre tiltak i kommunen.

For ein liten del av raudlistefunna er stadnøyaktigheita for dårlig til bruk i sakshandsaming og forvaltning. Eit konkret døme på dette er orkidéarten marisko (NT) som ligg inne berre med gamle og unøyaktige funn. Denne arten finns truleg på fleire vekseplassar i kommunen.

Ein mangel ligg i tillegg i nokon artsgrupper som generelt er dårleg kjent, m.a. mosar og insekt. Her er kunnskapen om førekomst av raudlista og sjeldne artar mangelfull. «Føre var» - prinsippet vil like fullt vere viktig, spesielt i miljø som av erfaring husar stort artsmangfald eller artar med spesielle krav til livsmiljø.




*Toppmeis- ein livskraftig art, men bestanden har store naturlege, periodevise svingingar. Foto: Sterke Streker*



Funn av artar i Etnedal kommune.

Kjelde: Artskart(09.01.2019)



Funn av raudlistearter i Etnedal kommune

Kjelde: Artskart(09.01.2019)





*Marisko (NT) er eit døme på ein art som truleg er meir utbreitt i Etnedal enn det som kjem fram ved målretta søk i Artskart.*

*Foto: Geir Høitomt(24.06.2016)*

#### 10.2.1 Sakshandsaming i samband med registreringar i Artskart

Forvaltningslova § 17 og naturmangfoldlova(nml) § 8 krev bruk av kunnskapsgrunnlaget for å opplyse ei sak så godt som mogleg. I tillegg seier nml § 5 at artane skal ivaretakast på lang sikt, i levedyktige bestandar og i sine naturlege leveområde. I plan- og bygningslova(pbl) er det verkemiddel kommunen kan bruke i arealplanlegginga, for å beskytte dei økologiske funksjonsområda til alle relevante artar. Kommunen kan òg sette av artane sine leveområde som omsynssone for å bevare naturmiljø, jf. pbl § 11-9, bokstav c). Vidare kan kommunen, uavhengig av arealføremåla, vedta generelle føresegner for bevaring av artar, jf. pbl § 11-9, nr. 6.

Rutiner for sakshandsaming:

- Bruk sjekklister for vurderingar etter naturmangfoldlova §§ 8-12 for Etnedal kommune (sjå vedlegg 1).
- Sjå kapittel 8.5 for generell informasjon om Artskart.
- Sjå kapittel 7 i planen og då særleg kapittel 7.11 for søknadssenteret til Miljødirektoratet og 7.12 for meir informasjon om Artsprosjektet.

Tiltakshavar/arealplanleggar/sakshandsamar skal(etter kva som er relevant for saka):

- Bruke Artskart til å finne artar som er registrert i området som skal disponerast.
- Søke i kartet, sjå på enkeltobjekt eller område, etter kva som er relevant for saka.
- Vurdere søkeresultatet, plukke ut dei førekomstane som blir påverka av plan/tiltak.
- Vurdere korleis artane i området vil bli påverka av plan/tiltak, inkludert det økologiske funksjonsområdet til artane.
- Kontakte person med spesialkompetanse, t.d. biolog.
- Sjekke verdi på arten og vurder kor sårbar den er, dokumentere dette i saka og bruke det i vurderingsgrunnlaget.
- Datere all dokumentasjon. Artskart er dynamisk og vil endre seg over tid.
- Legge ved aktuell dokumentasjon eller bygge det inn i saksframlegget til planen/tiltaket.
- Sende sak til offentleg ettersyn og høyring.

Dersom kunnskapen er for dårleg er kartlegging av artar ein moglegheit for å kunne auke kunnskapsgrunnlaget, slik at kommunen betre kan vise omsyn til viktige artar i arealplanlegging og anna sakshandsaming.

Konsekvensar av feil arealbruk er tap eller reduksjon av førekomstar av artar. Skogsdrift, jordbruksdrift, drenering, attfylling, mudring, dumping og utbygging er viktige faktorar som påverkar det økologiske funksjonsområdet artane er avhengige av.

Norsk raudliste for artar 2015 viser at 48% av dei trua artane vi har, har sitt leveområde i skog. Meir kartlegging og auke i daud ved har også ført til at det har vore ein reel nedgang i talet på trua artar i skog, så kartlegging har positiv effekt.

Skoglova har som føremål å fremje ei berekraftig forvaltning av skogressursane ved aktiv lokal og nasjonal verdiskaping. Det biologiske mangfaldet, omsyn til landskapet, friluftslivet og kulturverdiane skal sikrast. Det er mogleg gjennom skoglova å innføre ekstra restriksjonar i skogområde med særlege miljøverdiar.

Når det gjeld bevaring av artar med tanke på skogbruksdrift har dei norske skogstandardane mange føringar for dette(sjå kapittel 7.5). Mellom anna er tiurleikar vorte eit diskusjonstema i tolkinga av skogbrukets miljøsertifisering. Kor viktig er dagområda for tiuren og kor viktig er spellassen for bestandsutviklinga til storfuglen? Rypa (li- og fjellrype) har hatt ein omfattande bestandsnedgang som har ført arten inn på raudlista med kategorien nær trua. Hare er også nær trua.

I kommunal forvaltning bør det alltid vurderast korleis ein skal forvalte desse artane og leveområda dei er avhengige av.

#### 10.2.2 Tiltaksbehov i artskartet

- 1) Oppdatering av gamle og unøyaktige funn av nettsporet kantarellbeger.
- 2) Oppdatering av kunnskap om marisko.



*Raudlistearten oter (VU) har ein aukande førekomst i Etnedal/Land. Det er kjennskap til fleire tilfelle av trafikkdrepte individ dei seinare åra, her eit eksemplar frå Høljærast. Foto: Geir Høitomt (22.04.2016)*



*Mjuktjafs (VU) er ein fuktigheitskrevande art som gjerne førekjem langs vassdrag. Her fotografert nær Hellefossen i Etna. Foto: Geir Høitomt(10.05.2018)*

### 10.3 Prioriterte artar i Etnedal kommune

Ein art som er særleg utryddingstrua kan få spesielt vern etter naturmangfaldlova § 23, den kan bli ein prioritert art. Prioriterte artar er eit av dei viktigaste verkemidla i naturmangfaldlova, med mål om å bidra til at artane blir ivareteke på lang sikt og at dei førekjem i levedyktige bestandar i sine naturlege område.

Når ein art er vedteke som prioritert art, er alle uttak, skadar på eller øydelegging av arten forbode. Kvar prioritert art får si eiga forskrift og eigen handlingsplan. Det er ei statleg tilskotordning for tiltak som bidreg til å ta vare på prioriterte artar.

Per januar 2019 er det 13 artar i Noreg som har prioriterte etter naturmangfaldlova.

Etnedal har per i dag førekomst av éin prioritert art: dragehode

Dragehode har status som sårbar (VU) på den norske raudlista, og er knytt til lysopne, solrike og kalkrike vekseplassar. Ofte er veksestaden sørekspontert og bratt, og jordsmonnet tørt og sparsamt. Rasmark, bergskrentar og berghyller er vanlege vekseplassar, men arten kan òg førekomme i vegkant, naturbeitemark og slåttemark. Arten er sårbar for attgroing, og ved opphøyr av tradisjonell bruk(husdyrbeite, slått, brenning, rydding mm.) kan vekseplassane gro til og dragehode skyggast ut. Sidan arten veks svært tørt, går jamvel attgroinga sakte og mange førekomstar finns framleis på stader der hevd for lengst har opphøyr.

I Etnedal er dragehode påvist i Steinsetbygda og i Fjellsbygda. I Fjellsbygda veks den på ein kjent slåttemarkskantlokalitet, medan i Steinsetbygda er den funne på tre lokalitetar; vegkant, naturbeitemark og berghylle.

Artsdatabankens faktaark om dragehode:

<http://www2.artsdatabanken.no/faktaark/Faktaark181.pdf>

Klima- og miljødepartementet har òg laga ei informasjonsbrosjyre om dragehode:

[https://www.regjeringen.no/contentassets/261b977d814a400d89cf97cdf7988642/dragehode\\_110520.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/261b977d814a400d89cf97cdf7988642/dragehode_110520.pdf)

Norsk institutt for bioøkonomi(NIBIO) har laga eit infoskriv med skjøtselsråd for dragehode:

[https://nibio.brage.unit.no/nibio-xmlui/bitstream/handle/11250/2583408/NIBIO\\_POP\\_2019\\_5\\_4.pdf?sequence=2&isAllowed=y](https://nibio.brage.unit.no/nibio-xmlui/bitstream/handle/11250/2583408/NIBIO_POP_2019_5_4.pdf?sequence=2&isAllowed=y)

Forskrift om dragehode:

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2011-05-20-517?q=Dragehode>

Fylkesmannen er forvaltningsmyndigheit etter forskrifta.




*Dragehode (VU).*

*Foto: Geir Høitomt(05.07.2016)*



*Dragehode på berghylle i Steinsetbygda, med Steinsetfjorden i bakgrunnen.*

*Foto: Geir Høitomt(19.06.2016)*



Kjente vekseplassar for dragehode i Etnedal kommune.

Kjelde: Naturbase (01.01.2019)

### 10.3.1 Sakshandsaming i samband med prioriterte artar

Når det i sakshandsaming dukkar opp prioriterte artar skal saksansvarleg alltid finne fram til forskrifta for den aktuelle arten. Ei forskrift for ein prioritert art gjeld generelt og kan ikkje fråvikast med heimeleg i annan lovgjevnad. I tillegg har dei fleste prioriterte artar ein handlingsplan som kommunen må gjere seg kjent med.

Kommunen pliktar å sjå til at forbodet mot uttak, skade eller øydelegging av prioriterte artar blir overhalde, og skal samtidig sørge for at føresegna til det økologiske funksjonsområdet blir følgt opp. Fylkesmannen er forvaltningsmyndigheit etter dei fleste forskriftene for prioriterte artar, og dersom kommunen vil gjennomføre tiltak som kan påverke ein prioritert art og/eller det økologiske funksjonsområdet, skal det søkast om dispensasjon til Fylkesmannen.

Ved å opprette omsynssoner etter plan- og bygningslova (pbl) § 11-8, bokstav c), i kommuneplanens arealdel, kan kommunen bidra med å ta vare på førekomstane av prioriterte artar og/eller økologiske funksjonsområde til desse. Jf. pbl. § 11-8 kan omsynsområdet vere større enn artens økologiske funksjonsområde.

Miljødirektoratet har laga ein vegleiar til forskrifter om prioriterte artar. I denne kan ein mellom anna lese litt om kva det betyr for kommunen og andre at ein prioritert art har ei forskrift, og konsekvensen for planar etter plan- og bygningslova.

Link til vegleiaren:

[http://www.miljokommune.no/Documents/Naturmangfold/MD-veileder\\_M24-2013\\_net.pdf](http://www.miljokommune.no/Documents/Naturmangfold/MD-veileder_M24-2013_net.pdf)

#### Tilskot til prioriterte artar

Miljødirektoratet har gjennom sitt søknadssenter ei tilskotsordning for prioriterte artar. Målgruppe for tilskotet er grunneigarar, privatpersonar, frivillige organisasjonar, kommunar, verksemdar og institusjonar.

Tilskotet omfattar òg tilskot til det økologiske funksjonsområdet til arten.

Meir informasjon om Miljødirektoratets søknadssenter finn du under avsnittet:

#### 7.11.2 Tilskot til trua og prioriterte artar

Tilskot frå Klima- og miljøprogrammet kan også vere aktuelt for m.a. forskingsverksemdar og faginstitutionar (sjå kapittel 7.4).

### 10.3.2 Tiltaksbehovet for prioriterte artar

1. Alle relevante grunneigarar kontaktast og orienterast om førekomst, regelverk og tilskotsordningar.

## 10.4 Utvalde naturtypar i Etnedal

Den store variasjonen i topografi, klima, jordsmonn og mennesket sin langvarige bruk av naturen, har gitt Noreg eit stort mangfald av naturtypar. Dei siste femti åra har derimot fleire naturtypar gått sterkt tilbake. Endringar i arealbruk er den viktigaste årsaka til tap av naturmangfald. Nokon av desse naturtypane vi har i Noreg er særleg viktige for det biologiske mangfaldet. Desse naturtypane er anten sjeldne, har eit spesielt rikt plante- og dyreliv eller dei er viktige levestadar for trua artar. Nokon er også geologisk viktige eller er særigne slik at dei er interessante og verdifulle i lokal, nasjonal og/eller internasjonal samanheng. Med naturmangfaldlova er det mogleg å gi einskilde naturtypar særskilt status og ekstra beskyttelse som *utvalde naturtypar*. Dei utvalde naturtypane har eigen forskrift: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2011-05-13-512>

Når ei naturtype er utvald etter naturmangfaldlova, skal det ved offentlege avgjersler takast særleg omsyn til denne. Alle tiltak som kan påverke tilstanden eller utbreisla av denne typen natur skal ein unngå. Tiltak for å ta vare på naturtypane er nedfelt i handlingsplanar for dei utvalde naturtypane. Det er i tillegg ulike tilskotsordningar som gir moglegheit til å søkje om stønad til å ta vare på utvalde naturtypar.


Per januar 2019 er det 6 utvalde naturtypar i Noreg.

Etnedal har per 2019 førekomstar av to utvalde naturtypar: Slåttemark og slåttemyr.

Slåttemark, også kalla slåtteeeng, må bli slege regelmessig for ikkje å gro att. Tradisjonelt har mange slåttemarker òg vorte beitt av husdyr vår og haust. Utover naturleg gjødsling frå beitedyr, vart ikkje slåttemarka gjødsla. Etnedal kommune har en relativt stor del av dei intakte slåttemarkene i Oppland. Fleire av desse haldast i hevd og grunneigar får tilskot for årleg slått. Fleire sjeldne artar finns i desse engene, mellom anna skjeggklokke, solblom og ulike marinøkkel-artar. Artsmangfaldet i slåttemarka tek svært lang tid å «skape», men er dessverre veldig lett å øydelegge. Kunnskap om skjøtsel og hevd er derfor svært viktig å formidle ut til grunneigar og andre brukarar.

Utmarksslått var sentral i det tradisjonelle jordbruket i Noreg i lang tid, og myrene var av dei viktigaste slåtteeareala for mange gardsbruk. Samtidig er dei gjerne svært artsrike, og dei er blant dei viktigaste levestadane for fuglar og sjeldne orkidear. Slåttemyrene er forma gjennom fleire hundre år med menneskeleg påverknad og representerar ein viktig del av natur- og kulturarven vår. Ved fleire slåttemyrer kan ein framleis finne reister av høyløer – bygningar som mellom anna vart brukt til å halde høyet tørt, og gjerne lagre det for å hente det med hest og slede utpå vinteren. Myrslått var ein viktig del av grunnlaget for husdyrhald også i Etnedal, men kunnskapen om dei gamle slåttemyrene er avgrensa (svært mangelfull kartlegging). Slåttemyr er oppført som kritisk trua (CR) i den norske raudlista. Attgroing, grøfting og nedbygging, tilplanting og oppdyrking er dei største truslane for slåttemyr.





Utvalde naturtyper (slåttemark) i Etnedal kommune.

Kjelde: Naturbase (01.01.2019)

Slåttemyr er ikkje kartlagt og manglar derfor i dette oversiktskartet.



Grøvamyrri er ei slåttemyr der det framleis er rester etter den gamle låa.

Foto: Geir Høitomt(28.07.2018)



Gamle slåttemarker må slåast årleg for å bevare artsmangfaldet.

Foto: Geir Høitomt(18.08.2015)

#### 10.4.1 Sakshandsaming i samband med utvalde naturtypar

Kommunen forvaltar fleire regelverk som gjeld arealbruk og spelar derfor ei viktig rolle for å ta vare på dei utvalde naturtypene. Når det skal utarbeidast regulerings- og kommuneplanar etter plan- og bygningslova skal kommunen, som myndigheit, ha oversikt over dei utvalde naturtypene og kvar dei finst.

Føresegna for utvalde naturtypar legg vekt på berekraftig bruk og er ikkje like strenge som reglane for verneområda. Men kommunen skal ved alle avgjersler som kan påverke ein utvald naturtype ha for auge kva påverknaden vil ha å seie for utbreiinga og den økologiske kvaliteten til naturtypen ikkje berre lokalt, men òg i nasjonal samanheng.

Rutinar for sakshandsaming:

- Kommunen skal etter naturmangfoldlova(nml) § 53 ta særskilt omsyn til førekomst av ein utvald naturtype når det skal treffast enkeltvedtak, t.d. ved vurdering av søknadar etter plan- og bygningslova, jordlova og skogbrukslova. Det skal leggast stor vekt på omsynet til at den utvalde naturtypen si utbreiing og tilstand blir teke vare på og ikkje verdiminkar. Person med spesialkompetanse, t.d. biolog, bør kontaktast.
- Kommunen skal legge vekt på omsynet til utvalde naturtypar når det skal fastsetast arealplanar etter plan- og bygningslova. Ved handsaming av arealdelplan og reguleringsplanar skal kommunens vurdering av omsynet til den utvalde naturtypen gå fram i vedtaksgrunngevinga. Sjå kapittel 7.1 for meir informasjon.
- Kommunen skal legge vekt på omsynet til utvalde naturtypar når det skal tildelast tilskot eller ved forvaltning av fast eigedom.
- Skogsbruks- og jordbrukstiltak som påverkar utvalde naturtypar, men ikkje krev løyve etter søknad, skal meldast til kommunen før tiltaket blir sett i gang, jf. nml. §§ 54 og 55. Kommunen kan nekte tiltakshavar slike tiltak dersom det påverkar naturtypen negativt. Kommunen har tre veker tilbakemeldingsfrist jf. *Forskrift om utvalgte naturtyper* § 4. og tiltaket kan ikkje starte før tilbakemelding føreligg. Brot på tilbakemeldingsfristen inneber ikkje at tiltakshavar kan gjennomføre tiltaket.
- Kommunen skal vite kva konsekvensane av eit inngrep i ein førekomst av ein utvald naturtype kan bli. Dette må vurderast etter nml. § 53. Kommunen må sjå til at tiltakshavar har utarbeida ei konsekvensanalyse for tiltaket.
- Kommunen skal kunngjere godkjente løyver til tiltak i utvalde naturtypar, jf. nml § 56. Kunngjeringa skal vere i minst éi avis eller liknande medium slik at tiltaket blir allment kjent.
- Kommunen skal registrere alle vedtak der omsynet til ein utvald naturtype er vurdert i Miljøvedtaksregisteret. Det følger av *Forskrift om miljøvedtaksregisteret* §3. Plikten gjeld óg reguleringsplanar.
- Kommunen skal i samarbeid med Fylkesmannen svare på førespurnadar frå grunneigarar og andre, når det gjeld utvalde naturtypar i kommunen, jf. Den generelle vegleiingsplikta etter forvaltningslova § 11.
- Kommunen skal bistå Fylkesmannen med å informere grunneigarar om førekomst av utvalde naturtypar i kommunen.

Kjelde: <http://www.miljokommune.no/Temaoversikt/Naturmangfold/Utvalgte-naturtyper/>

For eit område med ei utvald naturtype er det med andre ord spesielle reglar for jord- og skogbrukstiltak som ikkje er søknadspliktige etter anna regelverk. Innanfor utvalde naturtypar er det skjerpa aktsemdplikt for alle, og ein skal vere forsiktig med aktivitetar som kan skade naturtypen. Det er utarbeida ein eigen handlingsplan for slåttemark og slåttemyr. Handlingsplanen for slåttemark og slåttemyr er eit viktig verktøy i arbeidet med å ta vare på desse sjeldne naturtypane. Skjøtsel av dei viktigaste områda er målet med planen.

Handlingsplanen finn du her:

[http://www.miljokommune.no/Documents/Naturmangfold/DN\\_handlingsplan\\_2009-6\\_nett%20\(2\).pdf](http://www.miljokommune.no/Documents/Naturmangfold/DN_handlingsplan_2009-6_nett%20(2).pdf)

Forskrift om Miljøvedtaksregisteret: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2013-06-14-643/%C2%A73#§3>

Miljøvedtaksregisteret: <https://www.miljovedtaksregisteret.no/>

#### Tilskot til utvalde naturtypar

Kommunen er ein av aktørane som kan søkje om midlar til tiltak som tek vare på utvalde naturtypar.

Sjå kapittel 7, og då spesielt 7.11.



Slåttemark i Undli etter fint gjennomført slått.

Foto: Geir Høitomt(05.10.2017)

#### 10.4.2 Tiltaksbehovet for utvalde naturtypar

1. Alle relevante grunneigarar må kontaktast og orienterast om førekomst, regelverk og tilskotsordningar.
2. Kunnskapen om slåttemyr i kommunen må oppdaterast (historikk og kartlegging av førekomstar).
3. Etter kartlegging kan det velgast ut 2-3 myrslåttar, som i samråd med grunneigar prioriterast for skjøtselsplan og slått.



*Frå slåttemark i Sørre Stutlien, med førekomst av solblom(VU).*

*Foto: Geir Høitomt(19.07.2013)*

## 10.5 Ansvarsnaturtypar og ansvarsartar i Etnedal/Oppland

På vegne av Fylkesmannens miljøvernavdeling i Oppland leverte Miljøfaglig Utredning AS i 2015 ein rapport med oversikt over ansvarsnaturtypar og ansvarsartar for Oppland fylke. Situasjonen for ansvarsnaturtypar og ansvarsartar for Oppland fylke vil kunne endre seg på sikt.

I rapporten er det gjort ei analyse av naturtypar og artar som Oppland fylke har eit særleg forvaltningsansvar for, med bakgrunn i at det er store og/eller viktige førekomstar av desse i fylket.

Det er ikkje alltid ein ansvarsart/ -naturtype er synonymt med ein raudlisteart/ -naturtype. Men i rapporten er det peikt på trua artar/naturtypar og norske ansvarsartar/ -naturtypar som Oppland har eit særleg forvaltningsansvar for. Artar og naturtypar med store utfordringar med tanke på forvaltning har vorte spesielt kritisk vurdert. Naturbase er brukt som kjelde til registrerte naturtypelokalitetar, den norske raudlista har gitt informasjon om kvar desse artane er mest utbreitt. I tillegg er Artskart ei viktig kjelde for oversikt over funn og utbreiing av enkeltartar. Ny versjon av den norske raudlista kom etter at denne rapporten vart ferdigstilt.

Rapporten viser til at Oppland fylke har eit særleg forvaltningsansvar for 20 naturtypar:

- Rikmyr (delnaturtype open intermediær og rikmyr i låglandet; kalkmyr i sørboreal sone)
- Open kalkmark (delnaturtype kalkberg utanfor Oslofeltet)
- Rik berglendt mark
- Open flommark (delnaturtype elveør og ferskvassdriftvoll)
- Naturbeitemark/slåttemark (delnaturtype rik beitetørreng/ rik slåttetørreng)
- Hagemark (delnaturtype rik hagemark med boreale tre; tørre/varme hengebjørkhagar)
- Boreal hei
- Kalksjø
- Skogsbekkekløft
- Flommarkskog
- Kalkbarskog
- Kalkedellauvskog (delnaturtype kalkhasselskog)
- Gammal granskog (delnaturtype gammal høgareliggjande granskog)
- Engprega erstatningsbiotopar (delnaturtype veg- og jernbanekant)
- Erstatningsbiotopar på berg og open jord (delnaturtype tørrlagt innsjø- og elvebotn)
- Jordpyramide
- Breforland
- Spesielle sandområde

Utover desse har Oppland fylke eit vesentleg ansvar for å bevare heilskaplege gardslandskap, seterlandskap, store flommarksystem og store myrområde, i tillegg til store ferskvass- system med intakte økologiske prosessar (som t.d. Gudbrandsdalslågen med dei største sideelvene).

Etter gjennomgangen av artar er det stadfesta at Oppland fylke har særleg viktig forvaltningsansvar for totalt 230 artar, samt 3 underartar(karplanter) og 2 økologiske raser(storaure og storrye). Under arbeidet med gjennomgangen av artar er det ikkje

gjennomført fullstendig analyse av funndata for insekt og mosar, med unntak av nokre få som er viktige i Oppland. Viktige artar som Oppland forvaltar, utan å vere ansvarsartar er t.d.: fjellrev, jerv, kongeørn, jaktfalk, elvemusling og storsalamander.

Ansvarsartane fordelt i organismegrupper:

- Pattedyr: 1 art
- Fugl: 6 artar
- Fisk: 1 art og 2 økologiske raser
- Insekt: 20 artar
- Bladfotingar: 1 art
- Karplanter: 29 artar og 3 underartar
- Moser: 8 artar
- Lav: 65 artar
- Alger: 6 artar
- Sopp: 93 artar

Førekomstane av dei fleste naturtypane med særleg forvaltningsansvar ligg utanfor allereie etablerte verneområde. Dermed er det grunneigarane og kommunane som har det største ansvaret for å forvalte verdiane.

I kommunedelplanen er det interessant å nemne dei naturtypane og artane som er interessante for Etnedal. For at naturtypane og artane skal utløyse forvaltningsansvar for Etnedal skal visse kriterium vere på plass. Dette gjeld utbreiing og storleiken på arealet naturtypen eller arten førekjem. Utreiing betyr naturtypens eller artens samla geografiske utbreiing, medan førekomstarealet er eit lite avgrensa areal der ei naturtype eller ein art finst.

#### Ansvarsnaturtypar i Etnedal

Oppland har særleg forvaltningsansvar for 20 naturtypar, fordelt på 8 naturtypar og 12 delnaturtypar.

Etnedal kommune har

#### særleg viktig forvaltningsansvar for:

- Gammal høgareliggende skog

#### viktig forvaltningsansvar for:

- Rik berglendt mark
- Naturbeitemark/slåttemark (rik beitetørreng/slåttetørreng)
- Boreal hei
- Skogsbekkekløft
- Engprega erstatningsbiotopar (veg- og jernbanekantar)
- Seterlandskap
- Store myrområde
- Store vassdrag



*Ein art som trivst godt i gammalskogen er haukugla.  
Bilete frå Veslestølen i Bakkebygda.  
Foto: Sterke streker*



*Gammal høgareliggjande granskog er ei naturtype som Etnedal kommune har eit særleg viktig forvaltningsansvar for. Dette er ofte område med liten skogproduksjon, men med eit særeige naturmangfold. Bilete er frå skrinn skogsmark nordvest for Garin.  
Foto: Geir Høitomt(17.11.2018)*



*Etnedal kommune har fleire viktige seterlandskap. Beitedyr spelar ei viktig rolle for landskap og artsmangfold i desse miljøa. Her ein geiteflokk på Ølsjølii.  
Foto: Geir Høitomt(17.07.2018)*



### Ansvarsartar i Etnedal

Oppland har særleg forvaltningsansvar for 230 artar, 3 underartar(karplanter) og økologiske raser (storaure og storrøye).

Etnedal kommune har

#### særleg viktig forvaltningsansvar for:

- Trane
- Skjeggklokke
- Huldrestarr
- Kåltistel
- Praktbrudespore
- Rimnål



*Skjeggklokka(NT) er svært avgrensa utbreitt i Nord-Europa. Arten veks berre rundt Synnfjellet og i Gausdal Vestfjell. Etnedal kommune har dermed eit svært viktig forvaltningsansvar for denne arten. Foto: Geir Høitomt(25.07.2012)*



*Kåltistel(NT) veks her i vegkant(Fv.251) ved Kringle. Etnedal kommune har eit svært viktig forvaltningsansvar for denne arten. Kåltistel har truleg fleire udokumenterte vekseplassar i kommunen. Foto: Geir Høitomt(21.07.2018)*



*Trane er ein av fugleartane Etnedal kommune har eit svært viktig forvaltingsansvar for.*

*Foto: Geir Høitomt*

viktig forvaltningsansvar for:

- Dobbeltbekkasin
- Fjellmarinøkkel
- Handmarinøkkel
- Huldregras
- Dragehode
- Klåved
- Doggpil
- Nettsporet kantarellbeger



*Fjellmarinøkkel veks ofte i beitepåverka miljø og er sårbar for attgroing ved opphør av husdyrbeite.*

*Foto: Geir Høitomt(21.07.2018)*



*Skogsbekkekløfter er ei naturtype med eit særeige naturmangfald. Her ser vi sprekkjuke(VU) i kløfta ved Hølafossen i Etna. Foto: Geir Høitomt(06.10.2018)*



*Gjuvfossen i Áfeta. Slike skogsbekkekløfter er ei naturtype som Etnedal har eit viktig forvaltingsansvar for. Foto: Geir Høitomt(07.10.2018)*

### 10.5.1 Sakshandsaming i samband med ansvarsartar og ansvarsnaturtypar

Dei fleste artane og naturtypane som er nemnt er det kommunen som har det største forvaltingsansvaret for. Her er det mellom anna plan- og bygningslova, jordlova og skogbrukslova som kjem inn. Etter skogbrukslova skal også skogbrukseigaren/skogbruket ta eit sjølvstendig ansvar for forvaltninga av verdifulle område.

Rutinar for sakshandsaming:

Samfunnsdelen skal ha mål og intensjonar for å ivareta naturtypar og artar vi har forvaltningsansvar for. Områda må deretter innarbeidast i plankart (arealformål, føresegner, retningslinjer og omsynssoner). På reguleringsplannivå skal kommunen sikre viktige verdiar i delområde der det er aktuelt. Kommunen kan vurdere vern etter naturmangfoldlova eller kulturminnelova.

Viser utover dette til kapittel 7. Kommunal forvaltning

### 10.5.2 Tiltaksbehovet for ansvarsnaturtypar

1. Behov for supplerande kartlegging av gammal høgareliggende granskog
2. Behov for supplerande kartlegging av seterlandskap
3. Vurdere kartlegging av dei andre naturtypane.

### 10.5.3 Tiltaksbehovet for ansvarsartar

1. Behov for oppdatert kunnskap om førekomst av nettsporet kantarellbeger (VU) i kommunen.
2. Behov for oppdatert kunnskap om førekomst av kåltistel (NT) i kommunen.



*Engprega erstattingsbiotop i Etnedal. Foto: Ingun Kompen*

## 10.6 Varig verna vassdrag i Etnedal kommune

Den norske vassdragsnaturen har eit rikt mangfald og er unik i europeisk samanheng. I 1960 vart det etter initiativ frå Stortinget laga ein landsplan for utbygging og vern av vassdrag. Verneplanen for vassdrag har som mål å ta vare på eit representativt utval av norske vassdrag, først og fremst som eit vern mot kraftutbygging. I 1973 vart Verneplan 1 for vassdrag vedteke. Planen har vorte utvida fleire gonger og har i dag 389 vassdrag som er verna.

Stortinget har føresett at ein òg skal prøve å ivareta verneverdiane i verna vassdrag imot andre inngrep enn kraftutbygging. Alle myndigheiter som forvaltar lovverk som styrer inngrep og tiltak som kan påverke verneverdiane har dermed ansvar for å følgje opp vassdragsvernet. Verna vassdrag inngår med andre ord som eitt av mange element i alle sektormyndigheiter sitt ansvar for å ivareta natur- og miljøomsyn.

For verna vassdrag er det rikspolitiske retningslinjer som gir ei generell vegleiing i planlegginga knytt til verna vassdrag.

Etnedal har 1 varig verna vassdrag: Etna.

Etna vart varig verna mot kraftutbygging i 1993. Vernet omfattar heile nedbørfeltet (929 km<sup>2</sup>), og omfattar derfor fleire kommunar.

I omtala av Etna i verneplanen heiter det m.a. følgjande:

Nedbørfeltet til Etna har mange små og mellomstore vatn både over og under tregrensa. Det største vatnet er Fullsenn, som ligg nord i vassdraget. Fleire av innsjøane har eit sterkt forgreina mønster som gir variasjon i landskapet. Feltet inneheld mange planteartar med fleire sjeldne og/eller næringskrevjande artar. Nokon av artane er varmekjære låglandsartar, medan andre er sjeldne, austlege barskogartar. Mange fugleartar knytt til våtmark er registrert, og artar med små bestandar som storlom og trane hekkar med fleire par. Dei vanlegaste fiskeartane i øvre del av vassdraget er aure og abbor. Nedanfor Høljarast finst det i tillegg sik og gjedde. Storauren frå Randsfjorden har gyte- og oppvekstplassar i dei nedste strekningane. Vilt- og fiskeressursane ein finn i samband med vassdraget har vore utnytta sidan steinalderen.

Det er registrert mange kulturminner langs Etna, og buplassane ved Etnsenn er spesielt interessante. Dei tyder på at nokon av folka kom vestfrå, medan andre hadde fast tilhald i innlandet. Ved Møllerstufossen ligg eit særleg fint helleristningsfelt frå fangststeinalderen med avbilding av elgar. I vassdraget finst mange reister av minne som viser kor viktig elva har vore for busettinga i dalen. Dei største minna frå tømmerfløytinga visast i damanlegga ved Etnsenn frå 1880-åra og Rotvolldammen. I vassdraget er det mange gamle kvern-, mølle-, og sagstadar, samt gamle gardsverk. Viktige ferdselsminne er knytt til Den Bergenske Kongeveg, ei gammal vegstrekning som er bevart mellom Bruflat og Ton i Nord-Aurdal. Den freda Lundebrue frå 1829 er Nord-Europas største natursteinbru.

Den nedste delen av dalbotnen til Etna er busett og dyrka opp, og delar av elva er forbygd for å hindre overfløyming på dyrka mark.

Gjennomsnittsdjupna til Etna er relativt låg og nedbørsfeltet er stort, noko som gir stor vassføring i periodar med mykje nedbør og snøsmelting. Variasjonen mellom flaum og tørke er svært stor.



*Flaumstor og sommartørr Etna ved Kvedno mai og juli 2018.*

*Foto: Kari-Elin S. Saglien*



*Den fuktigheitskrevande arten trådragg (VU) på bergvegg langs Etna ved Bruflat. Foto: Geir Høitomt(28.11.2018)*

I samband med oppstart av arbeidet med kommunedelplan var kantsonene til Etna kartlagt sommaren 2018.



Nesten heile kommunens areal ligg innanfor nedbørfeltet til Etna. Så å seie alle områda langs Etna i Etnedal kommune er avsett som landbruks-, natur- og friluftsområde(LNF-område) der det i utgangspunktet er forbod mot ny bustad-, ervervs- og fritidsbusetting, samt vesentleg utviding av eksisterande slike. Nokon område er avsett til spreitt bustadbygging, spreitt fritidsbustadbygging og område der driftsbygningar i landbruket kan endrast til bygningar for tilleggserklæring.

I databasen VannNett er Etna registrert som vassdragsområde nummer 12. Den delen av Etna som renn i Etnedal kommune er delt inn i fire førekomstidentitetar for å gjere forvaltninga meir oversiktleg då dei har ulike eigenskapar og kvalitetar. Ved å klikke på linkane kan ein sjå meir detaljert informasjon om dei enkelte vassførekomstane.

- Etna frå Etnsenn til samløp Åfeta: <https://vann-nett.no/portal/#/waterbody/012-1740-R>
- Etna frå Bruflat til Lundebroe: <https://vann-nett.no/portal/#/waterbody/012-1718-R>
- Etna frå samløp Åfeta til Bruflat: <https://vann-nett.no/portal/#/waterbody/012-1760-R>
- Etna frå Lundebroe til kommunegrense: <https://vann-nett.no/portal/#/waterbody/012-1716-R>

Det er registrert tre store bekkefelt som renn til Etna, men det er også fleire, så om lag alt av vatn og sidevassdrag i Etnedal kommune endar i Etna tilslutt. Dalselvi som kjem frå Steinsetfjorden er eitt av dei, (<https://vann-nett.no/portal/#/waterbody/012-1741-R>).

Bekkefelt:

- Etna frå Etnsenn til samløp Åfeta bekkefelt: <https://vann-nett.no/portal/#/waterbody/012-1738-R>
- Etna frå samløp Åfeta til Bruflat bekkefelt: <https://vann-nett.no/portal/#/waterbody/012-1761-R>
- Etna frå Bruflat til kommunegrense bekkefelt: <https://vann-nett.no/portal/#/waterbody/012-1753-R>

I VannNett-portalen kan ein hente ut faktaark for kommunen og for einkilde vassførekomstar. <https://vann-nett.no/portal/#/area/0541/MunicipalityID>

Registrerte vassførekomstar i Etnedal:

VANNKATEGORI	ANTALL	SMVF	STØRRELSE
Grunnvann	1	0	3 km <sup>2</sup>
Innsjø	9	0	10 km <sup>2</sup>
Eiv	30	1	1075 km

I dag er 92,1% av alle vassførekomstane i Etnedal i svært god eller god økologisk tilstand, målet er at tilstanden skal vere minst god for alle og det er registrert at alle vassførekomstar i Etnedal har potensiale til å oppnå god økologisk og kjemisk tilstand innan 2021. For å oppnå dette må kommunen sette inn tiltak.


TILTAK	ANTALL	VANNFOREKOMSTER
Biotoptiltak bunnssubstrat	1	1
Informasjon og kompetansebygging	1	1
Informasjonstiltak fremmede arter	2	7
Tilknytning av separate avløp til kommunalt nett	1	2
Tiltak renseanlegg	1	1
Utbedring av separate avløpsanlegg i følsomt og normalt område	4	4
Utbedring av separate avløpsanlegg i mindre følsomt område	1	2

Fiskestatusen er også relevant i samband med vassforvaltning. Etnedal har eit temakart for fisk og fiskeforvaltning([https://www.etnedal.kommune.no/f/p1/i874a0263-a214-4d1b-8253-12d58fd8997a/temakart\\_fisk.pdf](https://www.etnedal.kommune.no/f/p1/i874a0263-a214-4d1b-8253-12d58fd8997a/temakart_fisk.pdf)) som poengterarkor viktig det er at stadeigne aurebestandar blir ivareteke gjennom framtidig areal- og fiskeforvaltning.



Kantsoner langs vassdrag er også eit viktig tema når det kjem til god naturforvaltning. Kantsonene kan ha mange funksjonar og er i vassressurslova strengt beskytta. Loven seier at det skal oppretthaldast eit naturleg vegetasjonsbelt langs vassdragsbreidda der det er heilårsvassføring. Skjøtsel av kantsonene er lov så lenge dei biologiske verdiane ikkje blir redusert.

Figuren viser dei ulike funksjonane kantsoner kan ha:



Kjelde: [www.nibio.no/tema/miljo](http://www.nibio.no/tema/miljo)

Randsfjorden vassområde og Landbrukskontoret for Hadeland har laga ei brosjyre med informasjon om kantsoner og kantsoneskjøtsel:

<http://www.vannportalen.no/globalassets/vannregioner/vest-viken/vest-viken---dokumenter/vannomrader-i-vest-viken/randsfjorden/dokumenter/kantsonebrosjyre-siste-utgave.pdf>

NVE har laga ein vegleiar for kantsoner langs vassdrag:

[http://publikasjoner.nve.no/veileder/2019/veileder2019\\_02.pdf](http://publikasjoner.nve.no/veileder/2019/veileder2019_02.pdf)

### 10.6.1 Sakshandsaming i samband med varig verna vassdrag

Verneverdiane i verna vassdrag blir teke vare på gjennom føresegner i vannressurslova (kap.5), naturmangfaldlova og i bindande planar etter plan- og bygningslova. For å betre kunne ta vare på verneverdiane med tanke på vasskraft og andre inngrep er det utarbeidd rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag. Retningslinjene er førande for kommunar, fylkeskommunar og statlege fagmyndigheiter. Dei skal ligge til grunn for all arealplanlegging.

Dei rikspolitiske retningslinjene finn du her:

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1994-11-10-1001>

Etnedal har i kommuneplanens arealdel delt inn Etna i forvaltningssoner, og dermed fulgt opp dei rikspolitiske retningslinjene for differensiert forvaltning av verna vassdrag.

Inndelinga er skildra i arealdelens *Planbestemmelser med retningslinjer*.

#### A. Bestemmelser vedrørende byggeforbud langs vassdrag

##### 1. Rikspolitiske retningslinjer (RPR) for vernede vassdrag (PBL § 11-11 nr. 5)

Rikspolitiske retningslinjer (RPR) for vernede vassdrag vedtatt ved kongelig resolusjon 10. november 1994, jf. rundskriv T-1078 gjelder for LNFR-områder innenfor nedbørfelt for Etnavassdraget. Alle bygge- og anleggstiltak skal vurderes opp mot vernehensyn i RPR, jf. VVV-rapport 2001-27 «Verdier i Etnavassdraget».

##### 2. Forvaltningsklasser sone 2a) og sone 2b) (PBL § 11-11 nr. 5)

Etnavassdraget er delt inn i forvaltningsklasser med sone 2 a) og sone 2 b) og er vist som bestemmelsesgrense i plankartet og i *Temakart for Rikspolitiske retningslinjer (RPR) for vernede vassdrag*. Disse bestemmelsene gjelder innenfor sone 2a) og sone 2b) slik:

###### a) RPR - Sone 2a

Innenfor sone 2a er det forbudt å iverksette bygge- og anleggstiltak nevnt i PBL § 20-1 i vassdragsbelte på begge sider av alle vassdrag (sjøer, elver og bekker) med en bredde på 50 meter fra strandlinje målt ved gjennomsnittlig flomvannstand.

###### b) RPR - Sone 2b

Innenfor sone 2b er det forbudt å iverksette bygge- og anleggstiltak nevnt i PBL § 20-1 i vassdragsbelte på begge sider av alle vassdrag (sjøer, elver og bekker) med en bredde på 100 meter fra strandlinje målt ved gjennomsnittlig flomvannstand.

##### 3. Øvrige vassdrag (PBL § 11-11 nr. 5)

For øvrige vassdrag utenfor RPR sone 2a og sone 2b er det forbudt å iverksette bygge- og anleggstiltak nevnt i PBL § 20-1 i vassdragsbelte på begge sider av alle vassdrag (sjøer, elver og bekker) med en bredde på **50 meter** fra strandlinje målt ved gjennomsnittlig flomvannstand.

##### 4. Unntak fra byggeforbud

Unntak fra byggeforbud gjelder der annet framgår av godkjent reguleringsplan, jf. PBL § 11-8 f).

Unntak fra byggeforbud gjelder for mindre tiltak nevnt i PBL § 20-5, nr. a-f) på bebygd eiendom innenfor nåværende arealformål for boligbebyggelse og fritidsbebyggelse (PBL § 11-7 nr. 1).

Rammer for bebyggelse framgår av kommuneplanbestemmelser §§ 3.1.1-A2 og 3.1.2-A2.

All utvidelse skal som hovedregel skje i retning bort fra vassdraget.

Sone 2a er avmerka i plankartet med eit vassdragsbelte på begge sider av alle vassdrag(sjøar, elver og bekkar) med breidde på 50 meter frå strandlinje ved gjennomsnittleg vasstand. Sone 2b er definert på same måte, men med eit vassdragsbelte på 100 meters breidde. Innanfor desse sonene er det forbode med tiltak som nevnt i plan- og bygninglova § 1-6.

Rutiner for sakshandsaming:

- 1) Kommunen skal legge retningslinjene til grunn for planlegginga etter plan- og bygningloven (jf. §17-1, 1. ledd).
- 2) Kommunen skal gjere seg kjent med kva for andre lovverk dei rikspolitiske retningslinjene kan vere gjeldande for (sjå vedlegg 4 i retningslinjene).
- 3) Kommunen skal ta omsyn til det verna vassdraget i sin planlegging og verksemd. Dette gjeld óg for handsaming av enkeltsakar.
- 4) Ein del jordbrukstiltak er lovlege å gjennomføre utan å søkje eller melde ifrå, kommunen må ha eit bevisst forhold til korleis slike tiltak kan påverke vernevedtaket til Etna, og orientere grunneigarane om dette.

Mål for forvaltning av Etna:

- Unngå inngrep som reduserar verdien for landskapsbilete, naturvern, vilt, fisk, kulturminne og kulturmiljø knytt til Etna.
- Sikre referanseverdien til Etna.
- Sikre og utvikle friluftslivsverdien, særleg i områder med konsentrert busetting som Bruflat og Moajordet.
- Sikre verdien knytt til førekomstar/område i nedbørfeltet til Etna som det er dokumentert er viktig for vassdragets verneverdi.
- Sikre at dei vassdragsnære områda sin verdi for landbruk(og reinsdrift) langs Etna ikkje blir nedbygd i dei tilfelle der desse er ein del av grunnlaget for vernevedtaket til Etna.

Dokumentet *Verdier i Etnavassdraget* finn du her:

<http://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201600028/1663804>



Lundebrue er eit svært viktig kulturminne langs Etna.


Foto: Aina Kristin Lysnes



*Klåved (NT) er ein sårbar art som veks i flaummiljø fleire stadar langs Etna (her ved Lundebrue).  
Foto: Geir Høitomt(26.06.2018)*

#### 10.6.1 Tiltaksbehovet for Etna som verna vassdrag

1. Etablere gode rutiner i kommunal sakshandsaming.
2. Utarbeide handlingsplan for Etna nord for Høljarast.
3. Kartlegge behovet for tilrettelegging av friluftsliv, jakt og fiske knytt til vassdraget.
4. Følgje opp og bistå grunneigarlaget i deira arbeid med skjøtsel, fiskekortordning, etc.
5. Bistå Fylkesmannen og NVE i restaureringsprosjektet av elveløpet i Sør-Etnedal.




*Etna ved Bruflat, eit døme på dei mange kløftene langs elva. Foto: Geir Høitomt(28.11.2018)*

## 10.7 Verneområda i Etnedal kommune

Den største trusselen mot naturmangfaldet i Noreg er at leveområde for dyr og planter blir øydelagt og delt opp.

Naturresevat, nasjonalparkar og andre verneområde bidreg til å sikre naturverdiar og bevare område av internasjonal, nasjonal og regional verdi. Hovudmålet med å verne natur er å ta vare på heile variasjonen av naturtypar og landskap i Noreg.

Etnedal har 4 verneområde, og alle desse er naturresevat.



Oversiktskart der dei fire naturresevata er vist med raud skravering. Tre av dei ligg delvis i andre kommunar. Kjelde: Naturbase (07.01.2019)

### Langtjedn naturreservat

Oppretta 12.10.1990

Langtjedn naturreservat dekker eit areal på omlag 597 dekar. Verneområdet ligg ved Gamlestølen i Bakkebygda, og føremålet med vernet er å bevare eit våtmarksområde med stor verdi for fugle- og planteliv. Ei lang rekke sjeldne fugleartar hekkar i området.



Frå Langtjedn naturreservat har rike og varierte våtmarksmiljø.

Foto: Geir Høitomt (31.07.2010)

- Faktaark: <https://faktaark.naturbase.no/?id=VV00000815>
- Forvaltningsmyndigheit: Fylkesmannen i Innlandet
- Oppsyn: SNO Gausdal, Seksjon tilsyn innland(SNI),
- <http://www.naturopsyn.no/content/500048662/SNO-Gausdal>
- Verneforskrift: <https://lovdata.no/dokument/MV/forskrift/1990-10-12-847>
- Forvaltningsplan: <https://docplayer.me/60014400-Miljoernavdelingen-langtjedn-naturreservat-forvaltningsplan-med-bevaringsmal.html>



Svømmesnipe er ein av karakterartane i Langtjedn naturreservat. Foto er lånt frå forvaltningsplanen

### Røssjøen naturreservat

Oppretta 11.03.2011

Røssjøen naturreservat dekker eit areal på om lag 24,1 km<sup>2</sup>. Verneområdet ligg ved Lenningen, og føremålet med vernet er å bevare eit våtmarksområde med stor verdi for fugle- og planteliv og viktige naturtypar. Ei lang rekke fugleartar hekkar i området. Røssjøen er ein del av Langsua nasjonalpark.



Sebu-Røssjøen

Foto: Håkon Halvorsen

- Faktaark: <https://faktaark.naturbase.no/?id=VV00003031>
- Forvaltningsmyndigheit: Langsua nasjonalparkstyre
- Oppsyn: SNO Gausdal, Seksjon tilsyn innland(SNI), <http://www.naturopsyn.no/content/500048662/SNO-Gausdal>
- Verneforskrift: <http://www.lovdatabase.no/for/lf/mv/xv-20110311-0282.html>
- Forvaltningsplan: Inngår i Langsua nasjonalpark sin, som snart er klar.
- Nasjonalparkstyret har eigen informasjonsside på: <http://www.nasjonalparkstyre.no/Langsua/>



Beitedyr i Røssjøen naturreservat held ved like viktige naturverdiar. Foto: Geir Høitomt (28.07.2019)

### Nørdstebøberget naturreservat

Oppretta 16.12.2016.

Nørdstebøberget naturreservat dekker eit areal på om lag 3157 dekar, der det meste ligg i Nordre Land kommune. Verneområdet ligg ved Høljarast, og føremålet med vernet er å bevare eit område med gammalskog som har eit rikt og variert naturmangfold. Svært mange trua artar finns i dette skogsområdet.



*Orkideen Huldreblom(VU) er funne i Nørdstebøberget naturreservat. Foto: Geir Høitomt (31.08.2017)*

- Faktaark: <https://faktaark.naturbase.no/?id=VV00003259>
- Forvaltningsmyndighet: Fylkesmannen i Innlandet
- Oppsyn: SNO Gausdal, Seksjon tilsyn innland(SNI), <http://www.naturopsyn.no/content/500048662/SNO-Gausdal>
- Verneforskrift: <https://lovdata.no/dokument/MV/forskrift/2016-12-16-1626?q=Nørdstebøberget>
- Forvaltningsplan: Manglar



*Rikt skogsmiljø i Nørdstebøberget naturreservat.*

*Foto Geir Høitomt (18.08.2017)*



### Breie naturreservat

Oppretta 15.12.2017

Breie naturreservat dekker eit areal på om lag 2650 dekar, der ein mindre del ligg i Nord-Aurdal kommune. Verneområdet ligg på Tonsåsen, og føremålet med vernet er å bevare eit område med gammalskog som har eit rikt naturmangfold. Fleire trua artar finns i dette området.

- Faktaark: <https://faktaark.naturbase.no/?id=VV00003343>
- Forvaltningsmyndigheit: Fylkesmannen i Innlandet
- Oppsyn: SNO Gausdal, Seksjon tilsyn innland(SNI), <http://www.naturopsyn.no/content/500048662/SNO-Gausdal>
- Verneforskrift: <https://lovdata.no/forskrift/2017-12-15-2079>
- Forvaltningsplan: Manglar



*Elg på Tonsåsen.*

*Foto levert av Jens-Ulrik Rasmussen*

### 10.7.1 Sakshandsaming for verna områder

Kommunen er ikkje forvaltningsmyndigheit til nokon av dei fire naturreservata i Etnedal. Langsua nasjonalparkstyre er forvaltningsmyndigheit for Langsua nasjonalpark som inkluderar Røssjøen naturreservat, og Fylkesmannen i Innlandet er forvaltningsmyndigheit for Langtjød, Nørdstebøberget og Breie naturreservat.

Kommuneplanens arealdel skal omfatte alt areal i kommunen. Landbruks-, natur-, og friluftsmål, samt reindrift (LNFR) er det naturlege arealmålet for verneområde på land. I sjø og vassdrag kan kommunen bruke arealmålet *Bruk og vern av sjø og vassdrag*, med tilhøyrande strandsone, jf. Pbl. §11-7, andre ledd nr. 5 og 6.

Omsynssone er eit eigna verkemiddel dersom kommunen vil vise verneområda i arealplanen. Omsynssonebandlegging, jf. Pbl. §11-8, bokstav d) er hensiktsmessig å bruke for å unngå tiltak som kan komme i konflikt med verneverdiane. Dette kan òg nyttast når det er planlagt vern av eit område. Omsynssonene kan ha eigne føresegner til randsonene. Omsynssoner skal vurderast i samråd med forvaltningsmyndigheita for verneområdet.

For Etnedal kan det vere aktuelt å lage reguleringsplan for eit område som ligg inntil eit verneområde. Ein reguleringsplan skal vere i tråd med føringar om arealbruken i verneområdet. Det kan i slike tilfelle vere aktuelt å innlemme verneområdet i reguleringsplanen for å minne om at arealbruken i dei tilstøytane områda skal ta omsyn til dei kvalitetane som vernet skal ivareta. Det kan òg vere aktuelt med fleire restriksjonar i føresegnene til ein reguleringsplan, enn det verneforskrifta til verneområdet har.

I dei tilfella der det kjem innspel til arealdelen skal det vurderast om innkomne forslag har negativ innverknad på verneformålet i det aktuelle naturreservatet. Både indirekte og direkte konsekvensar skal vurderast. Miljøforvaltninga skal komme med innseiing når innverknadane er vurdert som negative. Fylkesmannen kan fremje innseiing viss eit forslag om ny arealbruk kjem i konflikt med dei verdiane som vernet skal ivareta. Dette gjeld òg ved føreslege vern.

### 10.7.2 Tiltaksbehovet i samband med naturreservat

1. Nørdstebøberget naturreservat og Breie naturreservat har ikkje forvaltningsplanar. Slike planar er viktig for å ivareta verneformålet. Kommunen skal derfor vere pådrivar for at forvaltningsmyndigheita utarbeidar desse to forvaltningsplanane.
2. Informere grunneigarar som har område på sin eigedom som kan vere aktuelle for friviljug vern, og eventuelt bistå i verneprosessen.

## 10.8 Andre naturverdiar i Etnedal kommune

Med andre naturverdiar omfattast gjerne det naturmangfaldet som ikkje har status som trua, utvald eller prioritert. På raudlista er dette gjerne definert som intakte(LC) artar og naturtypar eller dei er ikkje vurdert(NE). Sjølv om mykje data er samla inn i sentrale basar, finns det mykje lokal kunnskap knytt til vilt og anna artsmangfald. Dette er viktig informasjon som ein må hugse på å ta omsyn til på ulike nivå i forvaltninga. Gamle viltkart, lokale kjentfolk, interesseorganisasjonar mm. er gjerne kjelder til denne informasjonen. Slike opplysningar kjem gjerne seint inn i sakshandsaminga fordi det er manglande rutine på innhenting av informasjon, og det kan dermed vere utfordrande å ta omsyn til det i den gitte saka.

Døme på slik lokal kunnskap kan vere tiurleikar, orkidéførekomstar, amfibiar, hekkeplassar for rovfuglar eller viktige viltkorridorar.



*Spelplassar for tiur er viktige naturverdiar som må takast omsyn til ved m.a. hogst, hytteplanar og skogsbilvegar.*

*Foto: Geir Høitomt (26.03.2017)*

### 10.8.1 Sakshandsaming for andre naturverdiar

Eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag skal ligge til grunn før det offentlege gir løyve til tiltak som påverkar det biologiske mangfaldet. Dette inneber at det må ligge føre kunnskap om kva som finns og korleis det vil gå med det biologiske mangfaldet etter at tiltaket eventuelt blir gjennomført. Dette går fram av forvaltningslova § 17 og naturmangfaldlova §§ 8-12.

For å planlegge og gjennomføre naturinngrep på ein forsvarleg måte, kan det vere behov for å kartlegge eit område i vidare forstand enn det som er forventa med tanke på registrerte førekomstar av naturtypar og artar som det er nasjonal forvaltningsinteresse for.

Ein person med naturfagleg kompetanse bør inn på teppet i slike sakar, og lokalbefolkninga bør høyrast. Dei som lev og/eller brukar eit område har gjerne god kunnskap om kva slags naturverdiar som finns i eit område.

Det er mogleg å søkje om tilskot til kartlegging av andre naturverdiar enn dei som er trua, utvalde og prioriterte. Ofte er det Fylkeskommunen som har ansvar for desse tilskotsordningane. Sjå under kapittel 7.11.3 *Andre tilskot*.

Det kan i nokre tilfelle vere aktuelt å kartlegge ein art som er intakt(LC)/ikkje vurdert(NE) ved å kartlegge naturtypen den veks i. Til dømes kan ein kartlegge kalkskog av gran eller furu og dermed få oversikt over førekomstar av marisko i same kartlegginga.

### 10.8.2 Tiltaksbehovet i samband med andre naturverdiar

1. Supplerande kartlegging av tiurleikar
2. Kartlegging av amfibieførekomstar



*Småsalamander er påvist i Etnedal kommune, men kor utbreitt den er, er lite kjent. Her er bilete av ei ho i gytedrakt. Ei kartlegging av salamander og andre amfibiar i kommunen kan gjennomførast t.d. ved å involvere skuleverket.*

*Foto: Geir Høitomt (10.06.2016)*

## 11. Friluftsliv i Etnedal kommune

Det er gode moglegheiter til å drive med friluftsliv i Etnedal. Friluftsliv gir gode opplevingar, trivsel og betre helse. Naturglede og –opplevingar bidreg òg til meir kunnskap og betre forståing for natur- og kulturvern.

I heile Noreg blir naturområde redusert i storleik og kvalitet, og dette påverkar kor tilgjengeleg friluftslivet er for folk flest. I tillegg er det ofte forhold som gjer at folk treng tilrettelagde friluftaktivitetar for å delta.

Å kunne bruke naturen til friluftsliv på tvers av eigedomsgrenser bygger på allemannsretten og friluftlova. Friluftsliv er blant økosystemtenestene som omhandlar kunnskap og oppleving. Tilgjengeleg natur og moglegheit til å opphalde seg i naturen er svært viktig for mange.

Kommunen er ansvarleg for at viktige område for friluftsliv blir teke vare på i arealplanlegginga. Statleg sikring av viktige friluftsområde er blant dei verkemidla som kommunen kan ta i bruk. Etnedal kommune har ikkje gjennomført ei slik kartlegging endå, men det kan vere aktuelt ettersom det stadig blir fleire fritidsbustadar i kommunen.

Stortingsmeldinga *Friluftsliv- Natur som kjelde til helse og livskvalitet* (Meld. St. 18) er ei framstilling av korleis Regjeringa vil ta vare på friluftslivet, og gjere det meir tilgjengeleg for alle. Det er også oppfordra til at Fylkeskommunane skal lage regionale planar for område med stort utbyggingspress. Auka aktivitet og rekruttering til haustingsaktivitetar som jakt, fiske, bær- og sopplukking er andre tema som er diskutert i meldinga.

*Helse, rikdom og glede rommes i det ene ordet: Friluftsliv*

*Mikkjel Fønhus(1894-1973)*

Stortingsmeldinga kan du lese her: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-18-20152016/id2479100/>



*Tonsåsen – eit attraktivt område for friluftsliv.*

*Foto: Oddbjørn Skjølsvold*

## 11.1 Bruk av naturen til friluftsliv

### 11.1.1 Lov om friluftsliv(friluftsløva)

Føremålet er å verne om friluftslivets naturgrunnlag og sikre allmennheita si rett til ferdsel, opphald m.m. i naturen, slik at moglegheita til å utøve friluftsliv som ein helsefremjande, trivselsskapande og miljøvenleg fritidsaktivitet bli ivareteke og fremja.

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1957-06-28-16>

### 11.1.2 Allemannsretten

Allemannsretten gir alle lov til å ferdest og opphalde seg i utmarka i Noreg, uavhengig av kven som er grunneigar. Allemannsretten er eit gratis fellesgode og ein del av vår kulturarv. Allemannsretten er lovfesta i friluftsløva. Det følgjer plikter med allemannsretten; ferdselen og opphaldet på skje innanfor rimelegheita sine grenser, og den som nyttar seg av retten må ta omsyn til natur, miljø, grunneigar og andre brukarar.

<https://tema.miljodirektoratet.no/no/Tema/Friluftsliv/Allemannsretten/>

Hugs bandtvang. Etnedal har eigen forskrift: <https://lovdata.no/dokument/JP/forskrift/2007-06-21-918>

Hugs at i perioden 15. april -15. september er all bålbreining, grilling og anna open eld forbode i, eller i nærleik av, skog og all anna utmark i Noreg.

### 11.1.3 Friluftsliv i kommunal planlegging

Regjeringa har sagt at fylkeskommune og kommune skal identifisere viktige verdiar av naturmangfold og landskap, friluftsliv, kulturminne og kulturmiljø.

Friluftsliv er eit relevant tema å vurdere i dei aller fleste arealplanar som blir utarbeida etter plan- og bygningslova. Arealplanar er eit godt verktøy for å ta vare på eller skape friluftsliv av forskjellige typar, og det er derfor viktig at kommunen tek omsyn til dette i planlegginga.

I kommuneplanen er som regel arealet utanom regulert område avsett til landbruk-, natur-, og friluftsliv, samt reindrift (LNFR). I regulerte område kan det vere aktuelt å legge inn grønne område til friluftsliv(grøntstruktur). I tillegg kan kommunen bruke omsynssoner for å ta vare på viktige friluftsområde.

Friluftsliv er eit tema i Etnedal kommune sin samfunnsplan der strategien er å legge til rette for, og synleggjere, natur- og kulturbaserte opplevingar for alle aldersgrupper. Sjå kapittel 3.3.

### 11.1.4 Friluftsliv ut til folket

Det kan ofte vere vanskeleg å vite kor ein finn opplysingar om friluftslivet. Her er det derfor laga ei liste over dei mest aktuelle internettsidene som kan gje informasjon om dette:

- <https://www.etnedal.kommune.no/tjenester/kultur-idrett-og-fritid/>
- <https://www.valdres.no/>
- <https://www.njff.no/fylkeslag/oppland>
- <https://www.inatur.no/>
- <http://www.valdresklatreklubb.no/>

## 11.2 Eit utval av friluftstinasjonar i Etnedal kommune

### 11.2.1 Toppturar

Det er merka ruter opp til seks av dei finaste utsiktspunkta i Etnedal. Både startpunkt/parkering og rutene er godt merka, slik at alle som ynskjer å oppsøkje desse turmål skal lett finne fram.

#### Madslangrudberget(473moh)

Namnet kjem frå gardane som ligg nedanfor berget, mellom Etna og riksveg 33. Frå riksvegen kan ein følge ein dalsøkk langs ei markert sprekkzone som vart danna for over 200 millionar år sidan. Denne forklarar den steile veggjen mot toppen av berget. Under toppen av Madslangrudberget ser vi det eldste bergflagget i Valdres, måla i 1897.

I tillegg til å vere eit turmål er berget eit populært klatrefelt.



*Flaum i Sør-Etnedal. Sett frå Madslangrudberget.  
Foto: Unni Klevgård*

#### Espelifjellet(970moh)

«Fjellet over ospelia». Toppen ligg over skoggrensa som er danna av bjørk og gran. Grana veks i klonar og ber preg av vêt og vind.



*Utsikt frå Espelifjellet mot Synnfjellet, med Spåtind å skimte i midten. Foto: Håkon Halvorsen*

### Fjellsvarden(957moh)

Namnet kjem truleg frå garden Fjell som truleg var etablert under vikingtida.

### Goaren(1069moh)

Truleg viser namnet til «godt beite», då det er relativt næringsrike bergartar i området. Frå Goaren er det utsikt mot kjente fjellformasjonar som Synnfjell og Jotunheimen.



*Utsikt frå Goaren.*

*Foto lånt frå UT.no*

### Dalavardin/Vardefjell(989moh)

Topp med praktfull utsikt i alle retningar. Namnet viser til at dette har vore ein viktig vardeplass. Vardane var viktige vegvisarar for ferdsel i tidlegare tider. Området har òg vore viktig for seterdrift.

### Spåtind

Høgaste fjelltopp i Etnedal(og Nordre Land) med sine 1414 moh. Frå toppen kan ein bruke sikteskiva til å sjå fjelltoppar frå opptil seks andre fylker.



*Spåtind sett frå Jomfruslett fjellet.*

*Foto: Linda M. Robøle*



### 11.2.2 Turstigar og skiløyper

Etnedal har eit stort og variert nett av merka turstigar og skiløyper.

Det har vore eit større prosjekt i Valdres for skilting, merking og tilrettelegging av sommarstigar, initiert av Valdres natur- og kulturpark. Det kan framleis vere mogleg å få pengar til vedlikehald av stigar som er med i skiltplanen.

På <https://ut.no/> kan ein finne forslag til turar i Etnedal, og elles for heile Noreg. Det er i tillegg til desse mange andre turar som er fine i Etnedal, sjå vedlegg 3 for kart over nokon av dei. Meir info får du ved å ta kontakt med kommunens servicetorg.

Oversikt over skiløypenettet kan du sjå på [www.skisporet.no](http://www.skisporet.no) eller det er mogleg å kjøpe skiløypekart ved kommunens servicetorg.

Kommunen har eigen tilskotsordning for skiløypepreparering og tiltak i stigar og løyper som foreiningar og lag kan søkje om stønad i frå innan 15. februar kvart år.

### 11.2.3 Klatring og padling

I Etnedal er det fleire ruter for klatring. Sør-Etnedal har det største klatrefeltet i Valdres, og trekker til seg klatrarar frå både fjern og nær. Klatrefeltet har om lag 80 ruter, og det er fleire buldresteinar som ein kan bryne seg på. Det er mange eldsjeler frå det norske klatremiljøet som har vore med og lagt til rette for dei gode klatremoglegheitene i Etnedal.

Dei meste kjente rutene går i Madslangrudberget(Flaggsvaet), Jarberget og Hansespranget.

Klatreføraren «Klatring i Etnedal» kan kjøpast på nett, og inneheld den informasjonen du treng for å klatre i Etnedal;

<http://www.klatrefelt.no/climbingguide/climbing-in-etnedalklatring-i-etnedal/>

For meir informasjon om klatring i Etnedal, og Valdres elles, besøk Valdres klatreklubb sine heimesider.

Når det kjem til padling er Etna definert som ei perle for den erfarne elvepadlaren. Ho er klassifisert med grad IV, svært vanskeleg. Mange lange og samanhengande stryk med kraftige brytande bølger. Etna kan by på mellom anna kraftige valsar, soppar og kvervlar, og mange hindringar og uoversiktlege løypeval.

Begna Padleklubb er nærmaste elvekajakklubb, og «Eit o anna» ved Jørn Damslora tilbyr kurs; <http://www.eoa.as/aktivitetstilbud/elvepadling/>

#### 11.2.4 Jakt

Storviltjakta i Etnedal er i hovudsak organisert gjennom bestandsplanområde. Det blir for desse utarbeida 3-årige bestandsplanar som skal ha mål for hjorteviltet for det aktuelle området. Bestandsplanane skal vere basert på dei kommunale måla for hjorteviltforvaltninga. Dei kommunale måla for hjorteviltforvaltninga finn du på kommunens heimesider. Utleige av storviltjakt er organisert av grunneigarane/bestandsplanområda.

Det er ingen jaktkortordning for småviltjakt i Etnedal, og grunneigarane organiserar eventuell utleige privat.




Foto: Guro Strande Osnes

Aktuelle sider for informasjon om jakt i Etnedal:

- Etnedal jff.: <https://www.njff.no/fylkeslag/oppland/lokallag/etnedal/sider/Jakt.aspx>
- Hjorteviltportalen: <http://www.hjortevilt.no/>
- Hønsfuglportalen: <http://honsefugl.nina.no/Innsyn/>

#### 11.2.5 Fiske

Fiske i Etnedal er organisert gjennom fiskelag/grunneigarlag for dei ulike områda. Informasjon om dei ulike lag og foreiningar finn du på kommunens heimeside.

<https://www.etnedal.kommune.no/tjenester/kultur-idrett-og-fritid/fritid/friluftsliv/fiske.3802.aspx>



Aure fiska i Steinbui. Foto: Håkon Halvorsen

### 11.2.6 Anna sjåverdige

#### Gjuvfossen

Gjuvfossen ligg ca. 2,5 km nord for Flatøydegard. Fossen har eit fall på om lag 30 meter, som gir eit fuktig miljø inne i juvet. Gjuvfossen er ei markert bekkekløft i vassdraget Åfeta, med mange kvalitetar knytt til humide bergveggsmiljø. Bekkekløfter som Gjuvfossen er blant dei viktigaste «hotspot-miljøa» som finns i Noreg. Naturtypen gir leverom for eit svært variert naturmangfald på eit avgrensa areal.



Foto: Kari-Elin S. Saglien




Foto: Odd-Geir Bratteng

I dag er Gjuvfossen ein sjåverdige attraksjon, samt eit interessant mål for isklararar vinterstid, men har kulturhistorisk vore ei utfordring for tømmerfløtinga. Ei «graneis-tylvt» var eit mål dei brukte lokalt, og betydde at dei rekna med at kvar trettande tømmerstokk gjekk tapt i fossefallet.

#### Lundebrue

Natursteinsbru frå 1829. Eit av dei viktigaste kulturminna i Etnedal. Brua er avbilda i kapittel 3.3 og 9.6. Biletet til høgre viser restaureringa 1941 etter at tyskarane forsøkte å øydelegge ho.



Foto lånt frå avisa Valdres



Foto: Oppland vegkontor

### Hellefossen

Ligg like nordaust for Lundebrue. Her er det naturlege sklier på berget, og fine jettegryter. Badeplassen har grillplass og «erfaringsstol», som er ein del av prosjektet «Naturarven som verdiskaper – økosystem Dokkadelta». Badeplassen er kanskje den finaste i Valdres.

Andre mykje brukte badeplassar er ved mellom anna Etna Camping og nedanfor Lundebrue.



Foto lånt frå Avisa Valdres. Fotograf: Geir Helge Skattebo

### Den Bergenske Kongeveg

Historisk turveg over Tonsåsen, som er godt tilrettelagt. Kongevegen gjekk frå Bergen til Oslo(Christiania) og gjekk først om Høljarast og Leirskogen, før ny veg vart bygd om Lunde, Bruflat og Breie i 1790-åra.



Bilete frå [www.valdrestur.com](http://www.valdrestur.com)

Fotograf: Kjell Arne Berntsen

### 11.3 Sakshandsaming friluftsliv

Kommunen har ansvar for å samordne lokalt arbeid med folkehelse, legge til rette for friluftsliv og stimulere til aktivitet lokalt. Dette kan vere utfordrande då det er mange aktørar som skal koordinerast, sjå oversikt under kapittel 7.9.

Friluftsløva gir kommunen moglegheit til å fatte vedtak og lage reguleringsføresegner for friluftslivet;

- regulere ferdsel i utmark (§ 35)
- regulere ferdsel i innmark (§ 3a, tredje ledd)
- gje løyve eller krevje avgift for tilgang til friluftsområde (§ 14)
- regulere ferdsel i visse friluftsområde (§ 15)
- sperre av særleg utsette område (§ 16)
- krevje innløyving av særleg utsette område (§ 18, første ledd)
- stogge og fjerne ulovlege byggverk og anna (§ 40, første ledd)
- forholdet til forvaltningslova (§ 24, fjerde ledd)
- setje inn tiltak for å lette ferdsla (§ 35)
- utsegn om tvilsspørsmål (§ 20)

Jamfør friluftsløva § 22, andre ledd skal kommunen arbeide for å fremje friluftsføremål innan sitt område og det ligg eit generelt ansvar etter § 22, første ledd om å fremje allmennheita sine interesser.

Kommunen bør registrere og analysere areal som blir nytta til friluftsliv. Kartlegginga skal gje kunnskap om områda, korleis dei blir brukt og kvalitetane dei har. Dette kan til dømes framstillast i eit temakart, som må ajourhaldast og oppdaterast jamnleg.

Vegleiar for kartlegging av friluftsliv:

[https://www.miljodirektoratet.no/sharepoint/friluftsliv/forvalte-friluftsliv/m98\\_veileder\\_friluftsliv.pdf](https://www.miljodirektoratet.no/sharepoint/friluftsliv/forvalte-friluftsliv/m98_veileder_friluftsliv.pdf)

Tilskotsordningar:

Sjå kapittel 7.9.1 og 7.11.3 for meir informasjon om tilskotsordningar for friluftsområde.

### 11.4 Tiltaksbehovet for friluftsliv

Tiltaksbehov

- 1) Oppdatere heimesida med korrekt informasjon.
- 2) Vurdere utvikling og oppdatering av kart.
- 3) Utvikle potensialet rundt jakt, fiske og friluftsliv som næring.
- 4) Gjennomføre kartlegging og verdsetting av friluftsområde.

## 12. Motorferdsel i Etnedal kommune

Motorferdsel i utmark og vassdrag er forbode, med anna *Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag*(motorferdsellova) eller *forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag*(nasjonal) seier noko anna, eller om motorferdsla har heimel i lova. Lova gjeld òg for start og landing med luftfartøy. Motorferdsel i utmark kan vere til skade og sjenanse, og det er derfor viktig at omsyn til naturen, dyrelivet og friluftslivet blir teke vare på. Det er ingen tvil om at det er auke i bruk av motoriserte køyretøy i utmark framfor tidlegare. Dette er ein klar trussel mot den urørte naturen. Dei friviljuge friluftslivsorganisasjonane ynskjer generelt at den motoriserte ferdsla blir avgrensa. Dette har bakgrunn i bekymring for auka støy, fleire skadar og ulykker, og negativ påverknad av natur og dyreliv.

Miljødirektoratet har laga ei informasjonsbrosjyre for motorferdsel i utmark:

<https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/m108/m108.pdf>

Dersom det er anna enn eigen grunn som skal køyrast på, må grunneigar gje sitt samtykke til køyringa. Dette gjeld òg for køyring som er direkte heimla i lovverket.

Etnedal kommune har ordning for ervervstenleg køyring med snøscooter(leigekøyring). Ordninga dekker det meste av kommunen, og leigekøyring omfattar desse formåla:

- transport mellom bilveg og hytte
- tilsyn med privat hytte etter eigars oppdrag
- transport av massemedia på reportasjeoppdrag
- transport av funksjonshemma
- transport av ved
- transport etter dispensasjon i medhald av forskriftens § 6.

Lenke til liste over dei som har godkjent løyve til å ta på seg leigekøyring:

<https://www.etnedal.kommune.no/f/p1/i31526e53-0f79-4fc0-b73c-78e37af72ec0/loyveliste-19-22.pdf>



Leigekøyrar på Nordfjellstølen, Gjermund Urberg.

Foto: Erik Ødegård

## 12.1 Sakshandsaming for motorferdsel

Det er mogleg å søkje om dispensasjon frå motorferdselslovgjevningen, dersom køyringa ikkje allereie har direkte løyve i lov og/eller forskrift. Kommunen er forvaltningsmyndigheit. Skal det køyrast innanfor verna område, skal det søkjast til Fylkesmannen eller Langsua nasjonalparkstyre(Røssjøen naturreservat).

Kommunen har plikt til å handsame søknadar om dispensasjon frå det generelle forbodet mot motorferdsel i utmark og vassdrag, samt vegleie søkjarar i regelverket. På heimesida til Etnedal kommune ligg det generell informasjon, søknadsskjema m/vegledning og anna, i samband med søknad om dispensasjon frå motorferdsellova:

<https://www.etnedal.kommune.no/tjenester/naring-landbruk-natur-og-miljo/natur-og-miljo/motorferdsel/>

Kommunen har også myndigheit til å gi forskrifter etter motorferdsellova og nasjonal forskrift. Lokal forskrift kan innehalde:

- innskrenking av tilgjengeleg bruk av motorfartøy på større vatn, jf. § 4, fjerde ledd i lova
- føresegner for landing og start med luftfartøy og bruk av motorbåt på mindre innsjøar, jf. § 5 i lov
- føresegner for ulike formar for køyring etter nasjonal forskrift § 3
- fastsetting av snøscooterløyper for fornøyelseskøyring etter nasjonal forskrift § 4a

**Det er ei plikt at motorferdsel skal føregå aktsamt og omsynsfullt for å unngå skade og ulempe for naturmiljø og menneske.**

Kommunen pliktar å melde frå til politiet dersom det blir oppdaga ulovleg køyring i utmark og vassdrag.

Statens Naturoppsyn(SNO) og politiet fører tilsyn og kontroll med motorisert ferdsel i utmark, og kan ilegge gebyr for brot på motorferdsellova.

Spørsmål og svar om motorferdsel finn du på Miljødirektoratet sine sider:

<https://www.miljodirektoratet.no/myndigheter/motorferdsel/svar-pa-ofte-stilte-sporsmal-om-motorferdselregelverket/>

## 12.2 Tiltaksbehovet i samband med motorferdsel

Tiltaksbehov:

- 1) Følgje tettare opp ulovleg køyring i utmark og vassdrag.
- 2) Vurdere løyper for fornøyelseskøyring med snøscooter.

## 13. Tiltaksplan

Tiltaksplanen skal gjelde for heile planperioden, men skal takast opp til vurdering og revisjon årleg.

INTERN/ FOLKEVALDOPPLÆRING	Om Naturmangfoldlova <sup>1</sup> *
	Naturmangfold i Etnedal <sup>1</sup> *
	Bruk av Naturbase, Artskart, andre kjelder <sup>1</sup> *
	Lage rutinelister for sakshandsaming <sup>1</sup> *
INFORMASJON	Tilrettelegge kommunedelplanen for kommunens heimeside <sup>1</sup> *
	Informasjon til grunneigarar om naturverdiar og relevante tilskotsordningar (samarbeid med fylkesmannen) *
	Lage relevante informasjonsbrosjyrar/faktaark *
FRAMANDE ARTAR	Lage kommunal tiltaksplan <sup>4</sup>
LOKALE VILTOMRÅDE	Supplerande kartlegging av tiurleikar, med påfølgande informasjon til grunneigar og tømmerkjøpar <sup>3</sup> +
SETERLANDSKAP	Oversiktskartlegging og enkel rangering (kulturmiljø, biologisk mangfold, samla vurdering) <sup>3</sup>
	Informasjon til grunneigarar om relevante tilskotsordningar *
NATURTYPAR	Oppdatering av eldre naturtypar med mangelfull beskrivelse <sup>3+</sup>
	Supplerande kartlegging av naturtypar <sup>4+</sup>
	Informasjon til grunneigarar om relevante tilskotsordningar *
ARTAR	Oppdatering av funn av trua artar med dårleg stadnøyaktigheit <sup>4+</sup>
	Kartlegge førekomst av marisko <sup>2+</sup>
	Kartlegge førekomst av kåltistel <sup>2+</sup>
	Kartlegge førekomst av amfibiar <sup>3+</sup>
	Informasjon til grunneigarar om førekomst av dragehode (prioritert art) <sup>1</sup> Samarbeid med fylkesmannen *
VARIG VERNA VASSDRAG	Etablere gode rutinar i sakshandsaming *
	Utarbeide handlingsplan for Etna nord for Høljarast <sup>3+</sup>
	Kartlegge behovet for tilrettelegging av friluftsliv, jakt og fiske knytt til vassdraget <sup>2+</sup>
	Følgje opp og bistå grunneigarlaget i deira arbeid med skjøtsel, fiskekortordning, etc. *
	Bistå Fylkesmannen og NVE i restaureringsprosjektet *



VERNEOMRÅDER	Auke påtrykk på forvaltningsmyndigheita for å utarbeide forvaltningsplanar for Nørdestebøberget naturreservat og Breie naturreservat *
ANDRE NATURVERDIAR	Supplerande kartlegging av tiurleikar <sup>3+</sup>
	Kartlegging av amfibieførekomstar <sup>2+</sup>
FRILUFTSLIV	Oppdatere heimesida med korrekt informasjon <sup>1</sup>
	Vurdere utvikling og oppdatering av kart <sup>2</sup>
	Utvikle potensialet rundt jakt, fiske og friluftsliv som næring <sup>4</sup>
	Gjennomføre kartlegging og verdsetting av friluftsområde <sup>2</sup>
MOTORFERDSEL	Følgje tettare opp ulovleg køyring i utmark og vassdrag *
	Vurdere løyper for fornøyleseskøyting med snøscooter *

### 13.1 Gjennomføring av tiltaksplanen

Det er forsøkt å sette opp ein tidplan med prioritering etter kor viktig det er å få starta med det gitte tiltaket.

- Tiltak markert med <sup>1</sup> skal gjennomførast innan 1. mai 2020.
- Tiltak markert med <sup>2</sup> skal gjennomførast innan 1. mai 2021.
- Tiltak markert med <sup>3</sup> skal gjennomførast innan 1. mai 2022.
- Tiltak markert med <sup>4</sup> skal gjennomførast innan 1. mai 2023.

\* Nokon tiltak er det naturleg å arbeide med frå første dag og halde fram med kontinuerleg.

+ Gjennomføring av kartlegging iht til tiltaksplanen er avhengig av at kommunen søker om og får tildelt tilskotsmidler.

Det skal vurderast årleg om tiltaksplanen treng revisjon, og det må også takast stilling til om det skal takast ut tiltak og/eller føyast til andre aktuelle tiltak.

## 14. Vedlegg

- 1) Vurderingar etter naturmangfaldlova kap. II for sakshandsamarar
- 2) Sjekkliste for vurderingar etter naturmangfaldlova §§ 8-12 i reguleringsplanar
- 3) På tur i Etnedalé

## 14. Litteratur og kjelder

- Artsdatabanken (2018). Fremmedartslista 2018 (nettversjon)
- Artsdatabanken (2018). Norsk rødliste for naturtyper 2018 (nettversjon)
- Dikte i utvalg, Ernst G. Mortensens forlag, 1945, s. 11
- Dokkadeltaet våtmarkssenter, <https://www.dokkadeltaet.no/>
- Etnedalsguiden, <http://etnedalguiden.no/>
- Etnedal kommune. <https://www.etnedal.kommune.no/>
- Fylkesmannen i Innlandet, <https://www.fylkesmannen.no/innlandet/>
- Henriksen, S. & Hilmo, O. (red.) 2015. Norsk rødliste for arter 2015. Artsdatabanken 2015.
- Landbruksdirektoratet, <https://www.landbruksdirektoratet.no/no/>
- Larsen, B.H. & Gaarder, G. 2015. Ansvarsnaturtyper og ansvarsarter for Oppland fylke. Miljøfaglig Utredning Rapport 2015-7
- Lovdata, <https://lovdata.no/>
- Norsk institutt for bioøkonomi, [www.nibio.no](http://www.nibio.no)
- Miljødirektoratet, <https://www.miljodirektoratet.no/>
- Miljøkommune, <http://www.miljokommune.no/>
- Miljøstatus, <https://www.miljostatus.no/>
- Naturbase. Miljødirektoratet. Nettbasert
- Natur for livet – norsk handlingsplan for naturmangfold (Meld. St. 14(2015-2016), <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-14-20152016/id2468099/>
- Naturmangfoldloven kapittel II, veileder. Regjeringen. <https://www.regjeringen.no/contentassets/76ba044f8515433c93c259e7e86420f4/t-1554.pdf#page=84>
- Norsk Friluftsliv, <https://www.norskfriluftsliv.no/> og <http://www.fnf-nett.no/file=8466>
- Valdres skjerpar sansane, <https://www.valdres.no/>

## 14.1 Kjelder til bilete og illustrasjonar

Sid e	Nr .	Kjelde/Fotograf
1		Geir Høitomt, Kistefos Skogtjenester
6	1	Sterke Streker
	2	<a href="https://www.aa.no/vis/kalender/events/15710489">https://www.aa.no/vis/kalender/events/15710489</a>
7		Sterke streker
8		Monika Månnum Esp (bidrag i biletekonkurranse arrangert av Etnedal kommune)
9		<a href="https://www.regjeringen.no/contentassets/902deab2906342dd823906d06ed05db2/no/pdfs/stm201520160014000dddpdfs.pdf">https://www.regjeringen.no/contentassets/902deab2906342dd823906d06ed05db2/no/pdfs/stm201520160014000dddpdfs.pdf</a>
10		<a href="https://www.regjeringen.no/contentassets/902deab2906342dd823906d06ed05db2/no/pdfs/stm201520160014000dddpdfs.pdf">https://www.regjeringen.no/contentassets/902deab2906342dd823906d06ed05db2/no/pdfs/stm201520160014000dddpdfs.pdf</a>
13		Håkon Halvorsen(bidrag i biletekonkurranse arrangert av Etnedal kommune)
14		Ingun Kompen (bidrag i biletekonkurranse arrangert av Etnedal kommune)
15		Unni Klevgård(bidrag i biletekonkurranse arrangert av Etnedal kommune)
16		Plankart, skjermdump frå valdreskart.no
18		Unni Klevgård(bidrag i biletekonkurranse arrangert av Etnedal kommune)
19		Geir Høitomt, Kistefos Skogtjenester
20	1 og 2	Geir Høitomt, Kistefos Skogtjenester
21	1	Linda Mæhlum Robøle(bidrag i biletekonkurranse arrangert av Etnedal kommune)
	2	Odd-Geir Bratteng(bidrag i biletekonkurranse arrangert av Etnedal kommune)
22	1 og 2	Geir Høitomt, Kistefos Skogtjenester
23		Geir Høitomt, Kistefos Skogtjenester
24		Harald Espelien(bidrag i biletekonkurranse arrangert av Etnedal kommune)
26		<a href="https://www.regjeringen.no/contentassets/76ba044f8515433c93c259e7e86420f4/t-1554.pdf#page=1">https://www.regjeringen.no/contentassets/76ba044f8515433c93c259e7e86420f4/t-1554.pdf#page=1</a>
32		<a href="https://www.landbruksdirektoratet.no/no/eiendom-og-skog/">https://www.landbruksdirektoratet.no/no/eiendom-og-skog/</a>
35		Etnedal kommune, Instagram
37		Ann-Kristin K. Andersen(bidrag i biletekonkurranse arrangert av Etnedal kommune)
39		Sterke Streker
40		Miriam Brattsti(bidrag i biletekonkurranse arrangert av Etnedal kommune)
41		<a href="http://www.fnf-nett.no/file=8466">http://www.fnf-nett.no/file=8466</a>
43		<a href="https://www.fylkesmannen.no/contentassets/2d1155a81d7f405fa2a5e2b93d95f9ae/naturbase-artsdatabanken-osv-pal-theodorsen-miljodirektoratet.pdf">https://www.fylkesmannen.no/contentassets/2d1155a81d7f405fa2a5e2b93d95f9ae/naturbase-artsdatabanken-osv-pal-theodorsen-miljodirektoratet.pdf</a>
44		Guro Strande Osnes(bidrag i biletekonkurranse arrangert av Etnedal kommune)
45		Sterke streker
46	1	<a href="#">Norsk rødliste for arter 2015 (pdf)</a>
	2	<a href="https://artsdatabanken.no">Artsdatabanken.no</a>
47		<a href="http://artskart.artsdatabanken.no/">http://artskart.artsdatabanken.no/</a>
48		<a href="http://www.valdreskart.no">www.valdreskart.no</a>
49		Linda Mæhlum Robøle(bidrag i biletekonkurranse arrangert av Etnedal kommune)
50		Naturbase
51		Geir Høitomt, Kistefos Skogtjenester
52		Geir Høitomt, Kistefos Skogtjenester
53	1 og 2	Geir Høitomt, Kistefos Skogtjenester
54		Sterke Streker
55		Naturbase
56		Naturbase
57		Geir Høitomt, Kistefos Skogtjenester

59	1 og 2	Geir Høitomt, Kistefos Skogtjenester
61	1 og 2	Geir Høitomt, Kistefos Skogtjenester
62		Naturbase
65		Naturbase
66	1 og 2	Geir Høitomt, Kistefos Skogtjenester
68		Geir Høitomt, Kistefos Skogtjenester
69		Geir Høitomt, Kistefos Skogtjenester
71		Sterke streker
72	1 og 2	Geir Høitomt, Kistefos Skogtjenester
73	1 og 2	Geir Høitomt, Kistefos Skogtjenester
74	1 og 2	Geir Høitomt, Kistefos Skogtjenester
75	1 og 2	Geir Høitomt, Kistefos Skogtjenester
76		Ingun Kompen (bidrag i biletekonkurranse arrangert av Etnedal kommune)
78	1 og 2	Kari-Elin Solberg Saglien
	3	Geir Høitomt, Kistefos Skogtjenester
79		NVE-Atlas
80		Planprogrammet til kommuneplanens arealdel
82		<a href="https://www.nibio.no/tema/miljo/tiltaksveileder-for-landbruket/tiltak-mot-vannforurensning-fra-landbruket/tiltak-mot-vannforurensning-fra-landbruket/bufferzoner-som-rensfilter">https://www.nibio.no/tema/miljo/tiltaksveileder-for-landbruket/tiltak-mot-vannforurensning-fra-landbruket/tiltak-mot-vannforurensning-fra-landbruket/bufferzoner-som-rensfilter</a>
84		Aina Kristin Lysnes(bidrag i biletekonkurranse arrangert av Etnedal kommune)
85	1 og 2	Geir Høitomt, Kistefos Skogtjenester
86		Naturbase
87	1	Geir Høitomt, Kistefos Skogtjenester
	2	<a href="https://docplayer.me/60014400-Miljovernavdelingen-langtjedd-naturreservat-forvaltningsplan-med-bevaringsmal.html">https://docplayer.me/60014400-Miljovernavdelingen-langtjedd-naturreservat-forvaltningsplan-med-bevaringsmal.html</a>
88	1	Håkon Halvorsen(bidrag i biletekonkurranse arrangert av Etnedal kommune)
	2	Geir Høitomt, Kistefos Skogtjenester
89	1 og 2	Geir Høitomt, Kistefos Skogtjenester
90		Jens-Ulrik Rasmussen/Aniek Wessel (bidrag i biletekonkurranse arrangert av Etnedal kommune)
92		Geir Høitomt, Kistefos Skogtjenester
93		Geir Høitomt, Kistefos Skogtjenester
94		Oddbjørn Skjølvold(bidrag i biletekonkurranse arrangert av Etnedal kommune)
96	1	Unni Klevgård(bidrag i biletekonkurranse arrangert av Etnedal kommune)
	2	Håkon Halvorsen(bidrag i biletekonkurranse arrangert av Etnedal kommune)
97	1	<a href="https://ut.no/turforslag/1112047/barnevennlig-tur-til-goaren-1069moh">https://ut.no/turforslag/1112047/barnevennlig-tur-til-goaren-1069moh</a>
	2	Linda Mæhlum Robøle(bidrag i biletekonkurranse arrangert av Etnedal kommune)
99	1	Guro Strande Osnes (bidrag i biletekonkurranse arrangert av Etnedal kommune)
	2	Håkon Halvorsen(bidrag i biletekonkurranse arrangert av Etnedal kommune)
100	1	Odd-Geir Brateng(bidrag i biletekonkurranse arrangert av Etnedal kommune)
	2	Kari-Elin Solberg Saglien
	3	<a href="https://www.avis-valdres.no/nyheter/lunde-bru-i-etnedal/v/5-54-39499">https://www.avis-valdres.no/nyheter/lunde-bru-i-etnedal/v/5-54-39499</a>
	4	<a href="http://dagensoabilde.origo.no/-/image/show/985912_lunde-bru-etnedal-iii">http://dagensoabilde.origo.no/-/image/show/985912_lunde-bru-etnedal-iii</a>

101	1	<a href="https://www.avisavaldres.no/etnedal/lundebrua/badeplasser/er-hellefossen-valdres-fineste-badeplass/g/5-54-142542">https://www.avisavaldres.no/etnedal/lundebrua/badeplasser/er-hellefossen-valdres-fineste-badeplass/g/5-54-142542</a>
	2	<a href="https://valdrestur.com/2017/03/28/den-bergenske-kongevei-over-tonsasen-fottur-9-km/">https://valdrestur.com/2017/03/28/den-bergenske-kongevei-over-tonsasen-fottur-9-km/</a>
103		Erik Ødegård <a href="http://www.nordfjellstolen.no/?page_id=48">http://www.nordfjellstolen.no/?page_id=48</a>